


ÅL KOMMUNE

# Ål kommune

Økonomiplan 2024–2027 med  
årsbudsjett 2024



**Vedtatt i kommunestyret den 21.12.23**



# Innhold

<b>RAMME OG VISJON</b> .....	<b>1</b>
RÅDMANNEN SI INNLEIING .....	1
HANDSAMING AV BUDSJETTET OG ØKONOMIPLAN .....	3
DET ØKONOMISKE OPPLEGGET FOR 2024 – HENTA FRÅ KS SIN PROGNOSEMODELL: .....	5
DEMOGRAFI .....	7
RAMME FOR 2024-BUDSJETTET–GENERELT .....	9
LØYVINGSOVERSIKT DRIFT §5-4 FØRSTE LEDD (SKJEMA 1A) .....	11
LØYVINGSOVERSIKT DRIFT §5-4 ANDRE LEDD (1B) .....	12
RAMME FOR BUDSJETT 2024–2027–DRIFTSBUDSJETT: .....	13
DRIFTSBUDSJETTET .....	17
ØKONOMISK STATUS FOR KOMMUNEN .....	17
LØYVINGSOVERSIKT INVESTERING ETTER §5-5 FØRSTE LEDD .....	23
LØYVINGSOVERSIKT INVESTERING ETTER §5-5 ANDRE LEDD .....	24
DRIFTSOMRÅDA .....	27
ADMINISTRASJON OG SERVICETENESTER .....	27
OPPVEKST .....	28
INVESTERINGAR .....	30
HELSE OG OMSORG .....	31
KULTURSEKTOR .....	41
DRIFT OG UTVIKLING .....	47



# Ramme og visjon

## Rådmannen si innleiing

Dette dokumentet er grunnlaget for arbeidet med budsjett 2024 og økonomiplan 2024–2027 i formannskap og sektorutvala. Dokumentet viser rådmannen sine vurderingar av kommunen sitt budsjett, og dei tilpassingar som er naudsynte.

Rådmannen sitt budsjettframlegg er saldert og lagt fram i balanse.

Statsbudsjettet er lagt fram og Ål kommune har førebels fått signal om ei auke i frie inntekter, på 4,8 %, dvs. ikkje stort meir enn lønsoppgjeret. Med andre ord må vi dekke inflasjon og auka rentekostnader sjølv.

Til statsbudsjettet er det grunn til å nemne at regjeringa har helle ord og tatt bort trekket i rammetilskotet som fleire kraftkommunar fekk i 2023 – den såkalla «superprofitt». Verknadene av auka grunnrenteskatt vil få påverknad på inntektene til kommunen. Vi veit ikkje konsekvensane av dette fullt ut enda.

Vi har i budsjett 2024 lagt inn auka driftsramme på nokon område. Spesifikt skal nemnast PPT og utviding av barnehageplassar – ein konsekvens av reduksjon i pris.

Kommunen får dekt innteksreduksjonen, men ikkje auken i utgifta ein har ved å opprette fleire plassar. Dei nye plassar vert i fyste omgang oppretta mellombels.


Det er gitt høve til å auke driftsutgifter ut over lønn med 3,5 %. Det er ikkje ein full kompensasjon for prisvekst, men det er det som er funne plass til. Dette er utfordrande for alle sektorane. Det er mange ynskje som rådmannen ikkje har funne rom til i dette budsjettet. Sektorleiarane har kommentert utfordringar i sin sektor i eigne avsnitt i dette dokument.

Høg straumpris gjer at budsjettet overføring frå Ål kraftverk førebels er sat til 126,5 mill. kroner. I 2020 var dette 19,5 mill. kroner. I 2021 var dette opphavleg 45,5 mill. kroner som vart auka til 95,5 mill. kroner i løpet av 2022 (Ekstra overskot frå kraftverket i 2021) og 230 mill. for 2023.

Det er storleiken på inntektene frå Ål kraftverk som gjer at ein kan legge fram eit årsbudsjett i balanse. Kommunelovas § 14–1 krev at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevne blir varetatt over tid.

Rådmannen har lagt opp til investeringar på nesten 90 millionar kronar. Ein legg opp til at dette kan gjerast **utan** bruk av lån.

Ut frå dette må rådmannen sei at Ål kommune har ein sunn økonomi, men drifta er ikkje berekraftig over tid så lenge vi er avhengig av høge kraftprisar for å drifte dei kommunale tenestene. Det er avgjerande at ein analysera demografi opp mot omfang, kvalitet og struktur på tenestene vi tilbyr til innbyggjarane våre. Vi må og sjå om det er tenester ein kan produsere betre eller meir rasjonelt saman med ein eller fleire av våre nabokommunar.



## **Premissar for budsjett 2024:**

### Drift:

Bu og blilyst skal framleis vera den overordna rettesnor for arbeidet i Ål kommune i 2024.

I 2024 vil ein ha fokus på omstilling innan helse/omsorg og oppvekst.

Vi ser at behovet for tenester hjå innbyggjarar i alle aldra er større end nokon gong.

Tilgang på arbeidskraft har, aldri vert vanskelegare.

Vi skal rullera arbeidsgivar politikken og lage ny lønnsstrategi.

Ein skal ha fokus på å behalde dei tilsette vi har – og rekruttera nye.

Premissen for 2024 er at ein skal styre innafor budsjetttramma med spesielt fokus på omsorg og skule.

Ein vil ikkje starte nye tiltak før ein har full kontroll over basisdrifta.

Eventuelle nye tiltak skal i utgangspunktet vera tidsavgrensa.

### Investering:

Kommunen må vera klar til å sette i gang kommunale prosjekt i fall reduserte private investeringar ser ut til å gå ut over det lokale næringsliv.

Ein skal prioritere å halde ved like fram for å bygge nytt.

Unntak er bygging av bustader – både i eiga regi og i samskaping med private.

Ein skal og satse på omfattande ENØK tiltak i kommunale bygg.

Ål kommune må syte for at ein til ein kvar tid har nok næringstomter.

Ål, 21. oktober 2023

Karsten Popp Dideriksen  
rådmann



## Handsaming av budsjettet og økonomiplan

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ein økonomiplan som skal omfatte minst dei fire neste budsjettår. Økonomiplanen skal dekkje heile kommunen si verksemd og gje realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, venta utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

Budsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse i budsjettåret. I løyvingar til ulike føremål kan ein gjere frådrag for tilhøyrande inntekter (nettobudsjettering). Ål kommunestyre løyver nettoutgift pr. sektor og pr. avdeling i si budsjetthandsaming. I økonomistyringa er det likevel viktig og fylgje med på brutto inntekter og utgifter.

Budsjettprosessen strekkjer seg gjennom store delar av året. Føringar, vedtak og løyvingar gjennom året må innarbeidast i dei økonomiske oversiktene. Strategisamlingane i april er ein viktig arena som legg premissar og gjev politiske signal på dei ulike budsjettområda.

**Rådmannen vil rå til at kommunestyret ikkje gjer vedtak om auka aktivitet gjennom året, men i staden utset desse til budsjettbehandling.**

Innstilling til budsjettet frå formannskapet skal leggjast ut til offentleg ettersyn seinast 14 dagar før innstillinga blir handsama i kommunestyret.


Kommunestyret skal vedta budsjettet innan utgangen av året.

## Endring frå rådmannen sitt budsjettframlegg:

Endringar av økonomiplanen i den politiske behandlinga frå rådmannen sitt framlegg blir kommentert med utheva raud tekst.

### Framdriftsplan for budsjettprosessen – Budsjett- 2024

Administrativ behandling			
24. oktober	Formannskap og sektorutval	Rådmann og økonomisjef	Rådmann legg fram sitt salderte budsjettframlegg.
Politisk behandling			
24. oktober	Formannskap, utvalseiar og tillitsvalde		Budsjettarbeid
31. oktober	SHO, SUKO, STNR	Rådmannsteam	Ordførar sett agenda
6. november	Formannskap	Rådmannsteam	Formannskapet vedtek sitt budsjettframlegg. Framlegget blir lagt ut på høyring.
21. november	Formannskap	Leiar på dei ulike sektorar/avd.	Utarbeide høyringsframlegg
11. desember	Formannskap	Rådmannsteam	Innstilling til kommunestyret
21. desember	Kommunestyret	Rådmannsteam og ev. andre leiarar	Kommunestyret handsamar budsjettet og gjer endeleg vedtak på budsjett og økonomiplan 2024.



Mål, verdiar og milepælar for kommunen

Økonomiplanen skal vere forankra i kommuneplanen og samfunnsdelen av kommuneplanen. I samfunnsdelen av kommuneplanen for perioden 2015–2027 er følgjande visjon vedteken:

Eit levande Ål for alle

Overordna mål:

- I Ål skal det vera godt å bu og leva
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert
- Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar
- Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar
- Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar

Verdiar for organisasjonen

Rådmannsteam har, saman med avdelingsleiarane, kome fram til tre verdiar som skal leggst til grunn i vår framferd og oppgåveløysing. Vi vil i 2024 jobbe vidare med å innarbeide desse i heile organisasjonen.


Open

Modig

Grundig

Milepælar for budsjettåret 2024 og økonomiplan 2024–2027

- Vidareutvikling av godt leiarskap
- Finne ein god strategi for utvikling av organisasjonen innanfor ei strammare økonomisk ramme
- Involvere innbyggjarane meir i utvikling av lokalsamfunnet (kommune 3.0)
- Finne område vi kan forbetre til gode for brukarane, dei tilsette og samstundes innafor dei økonomiske rammene som er sett



## Det økonomiske opplegget for 2024 – henta frå KS sin prognosemodell:

Regjeringa legg i statsbudsjettet opp til ein realvekst i dei frie inntektene i kommunane i 2024 med om lag 5,1 mrd. kroner. Dette er over det intervallet som blei varsla i kommuneproposisjonen, 4,4 til 4,7 mrd. kroner. Den auka realveksten må sjåast i samanheng at anslaget for veksten i pensjonskostnader utover lønnsveksten i 2024 er oppjustert 0,7 mrd. kroner. Veksten i pensjonskostnadene i kommunane i 2024 ligg dermed an til å bli 1,8 mrd. kroner høgare enn lønnsveksten i 2024. Anslaget for demografikostnader i 2024 som blir finansiert med frie inntekter er uendra frå kommuneproposisjonen med 3,1 mrd. kroner. Veksten i pensjons- og demografikostnader kan dermed dekkast innanfor veksten i frie inntekter. Av veksten i frie inntekter er 150 mill. kroner grunnlagt med satsing på psykisk helse og rus, og 40 mill. kroner er grunnlagt med styrking av skolehelseteneste og helsestasjon. Vidare er 100 mill. kroner av realveksten fordelt til kommunane som taper mest på modellen for gradert basistilskot i utgiftsutjamninga.

Ved **fordeling av realveksten mellom skatt og rammetilskot** er det lagt til grunn at skattane sin andel (inkludert eigedomsskatt) av samla inntekter skal utgjere 40 prosent. For å oppfylle denne vilkåret er skatteinntektene auka reelt med om lag 6,7 mrd. kroner i 2024 samanlikna med skattenivået i RNB 2023. Rammetilskotet er på den anna side redusert reelt med 1,6 mrd. kroner, slik at samla realvekst i frie inntekter blir 5,1 mrd. kroner.

Ved utarbeidinga av **skatteanslaget** er det lagt til grunn ein sysselsetjingsvekst på 0,1 prosent og ein lønnsvekst på 4,9 prosent. For å oppnå skatteinntekter på 220,25 mrd. kroner foreslår regjeringa at den kommunale inntektsskattøren reduserast med 0,2 prosentpoeng til 10,95 prosent for 2024. Maksimalsatsen for kommunal formuesskatt er uendra.

**Lønns- og prisveksten frå 2023 til 2024 (deflatoren)** anslåast til 4,3 prosent. Årslønnsveksten er på 4,9 pst. (utgjer i underkant av 60 % av deflatoren), og den kommunale prisveksten kan ut frå dette blir berekna til i størrelse 3,4 prosent. Som de vil sjå er den kommunale prisveksten noko lågare enn anslaget for veksten i konsumprisindeksen (3,8 prosent). Dette kjem både av at samansettinga i kommunane av vare- og tenestekjøp er annleis enn innbyggjarane og at kommunane ikkje har teke imot straumstøtte.

**Oppgåveendringar og korreksjonar i rammetilskotet for 2024** – (jf. arkfanen R24 i prognosemodellen).

I budsjettopplegget for 2024 er det gjort følgjande direkte justeringar i budsjetttrammene (oppgåveendringar og korreksjonar), som kjem i tillegg til realveksten.

### a) Barnehage

**(i) Maksimal foreldrebetaling blir foreslått** redusert til kroner 2 000 per måned frå 1. august 2024. For å kompensere kommunane for inntektsbortfallet blir auka rammetilskotet med 1 560 mill. kroner. Auken er fordelt etter delkostnadsnøkkel for barnehage og inngår dermed som del av innbyggartilskotet og utgiftsutjamninga.

**(ii) Maksimal foreldrebetaling for barn som bur i kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6** foreslåast redusert ytterlegare, slik at desse frå 1. august får ein maksimalpris på kroner 1 500. Kommunane med sentralitetsindeks 5 og 6 er kompensert med 120 mill. kroner for den ekstra nedsettinga av maksimal foreldrebetaling. Kompensasjonen er fordelt særskilt gjennom tabell-C, og inngår i linje 8 i arkfanen Rskudd i prognosemodellen. Spesifikasjon av beløpet kjem fram i linje 47 i arkfane Bregg i modellen.



**(iii) Kontantstøtta** foreslåast endra frå 1. august 2024. Etter denne dato kan kontantstøtte givast til barn som er mellom 13 til 19 månader, og ikkje 13 til 23 månader som i dag. Dette blir forventa å auke etterspørselen etter barnehageplassar. Meirutgiftene i kommunane som følge av dette blir anslått til 120 mill. kroner, og rammetilskotet er auka tilsvarande. Auken er fordelt etter delkostnadsnøkkel for barnehage.

**(iv)** I forbindelse med at **pensjonspåslaget for private barnehagar blei reduserte** frå 13 prosent til 10 prosent frå 1. januar 2022 blei det innført ei treårig overgangsordning for enkeltstående barnehagar. Sidan pensjonspåslaget for enkeltstående barnehagar blir trappa vidare ned i 2024 reduserast rammetilskotet til kommunane med 57 mill. kroner, fordelt etter delkostnadsnøkkel for barnehage.

## **b) Grunnskole**

**(i) Ny opplæringslov** skal etter planen tre i kraft hausten 2024. Som kompensasjon for fleire ulike lovendringar er rammetilskotet til kommunane auka med 47,2 mill. kroner i 2024 fordelt etter delkostnadsnøkkel for grunnskole. Auken kjem i tillegg til dei 5 mill. kronene som blei lagt inn i rammetilskotet i 2023.

**(ii) Nytt prøvegjennomføringssystem** aukar grada av digitalisering som blir anteke å gi gevinstar for kommunane. Rammetilskotet er som følge av dette redusert med 6,6 mill. kroner fordelt etter delkostnadsnøkkel for grunnskole.

## **c) Øvrige tenesteområde**

**(i) Bevilling til covid-19 vaksinasjon i 2023** var ei eingongsløyving, og denne er trekt ut av rammetilskotet for 2024.

**(ii)** Uttrekk på 106 mill. kroner frå kommuneramma som følge av at det har blitt **fleire elevar i statlege og private skolar**. Uttrekket skjer initialt gjennom innbyggartilskotet og utgiftsutjamninga til alle kommunar, men omfordeling gjennom korreksjonsordninga for statlege og private skolar slik at kommunane faktisk blir trekte etter kor mange elevar i desse skolane som er busette i kommunen.

**(iii)** I 2023 er det trekt ut 535 mill. kroner av kommuneramme fordelt på **kommunar med høge konesjonskraftinntekter** (tabell-C). Uttrekket var eittårig og uttrekksbeløpet er ført tilbake kommuneramma i 2024.

**(iii)** I nytt inntektssystem for fylkeskommunane blir avvikla **skjønnstilskotet**, og 50 mill. kroner blir overførte til inntektsramma for kommunane. Av det overførte beløpet er 44 mill. kroner er fordelte over innbyggartilskotet i kommunane og 8 mill. kroner er avsette i skjønnsramma i kommunane. Fylkeskommunane vil etter dette kunne søke om skjønnsstilskot over skjønnsramma til kommunane ved store uventa hendingar.

## **d) Heilårseffektar av endringar frå 2023 som er innarbeidde i rammetilskotet for 2024:**

**(i) Maksimalpris foreldrebetaling barnehage** blei redusert til kroner 3 000 per måned frå 1. januar 2023. I tillegg til direkte inntektsbortfall som følge av reduserte maksimalsatsar blei det òg forventa auka etterspørsel etter barnehageplassar. Det blei lagt til grunn at han auka etterspørselen først ville få full verknad frå barnehageåret 2023/2024, og kommunane er kompenserte med 67 mill. kroner over rammetilskotet i 2024 for heilårseffekten. Kompensasjonen er fordelt etter delkostnadsnøkkel for barnehage.

**(ii) Gratis barnehageplass frå tredje barn** i familiar som har fleire barn i barnehage blei innført hausten 2023. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet i 2024 er derfor auka med 24 mill. kroner fordelt etter delkostnadsnøkkel for barnehage.





**(iii) Gratis barnehageplass i tiltakssonen** blei innført frå hausten 2023. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet til kommunane i Nord-Troms og Finnmark er derfor auka med 71 mill. kroner i 2024 (særskilt fordeling i tabell-C). Heilårseffekten er korrigert for at for at maksprisen i alle barnehagane i landet blir redusert frå kroner 3 000 til kroner 2 000 frå 1. august 2024.

**(iv) Gratis 12 timar SFO** for 2. trinn blei innført hausten 2023, og for å kompensere kommunane for heilårseffekten er rammetilskotet i 2024 auka med 864 mill. kroner fordelt etter delkostnadsnøkkel for grunnskole.

**(v) Pasienttilpasset basistilskot** tredde i kraft 1. mai 2023. Den nye ordninga får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet for 2024 er auka med 250 mill. kroner fordelt etter delkostnadsnøkkel for kommunehelse.

**(vi) Vegleiande sosialhjelpssatsar** blei heva med 10 prosent frå 1. juli 2023. Auken får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet for 2024 er auka med 296 mill. kroner fordelt etter delkostnadsnøkkel for sosial.

**(vii) Barnetillegget i kvalifiseringsprogrammet** blei auka frå 1. februar 2023, og for å kompensere for heilårseffekten er rammetilskotet i 2024 auka med 1 mill. kroner fordelt etter delkostnadsnøkkel for sosial.

## Demografi

**Befolkning pr. i dag (2. kvartal 2023):**




## Forventet utvikling



**Endringa i befolkning pr. 2. k. 2023 er på -5 personar når man tar omsyn til døde i perioden.**

**Utvikling i demografi og kostnader:**




Grafen viser at personar i aldersgruppa 67+ kjem til å stige om lag like mykje som gruppa 6–15 år søkk. Det vil seie at det berre blir færre og færre personar i arbeidsdyktig alder til å ta vare på og finansiere dei eldre. I neste omgang vil det måtte flyttast middel frå grunnskole til helse -og omsorg viss ikkje overføringane frå staten kompensere fullt for utviklinga i befolkninga.



## Utvikling folketall 67-79 år, 80-89 år og 90 år + i kommunen per 1.1

(2022 = 0, SSB MMMM-alternativ TBU metode / kommunens egen fremskriving)



### Ramme for 2024-budsjettet–generelt

Kommunebudsjettet skal inneholde driftsbudsjett og investeringsbudsjett. §14-4 i den nye kommunelova definerer følgende:

Økonomiplanen skal viser korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjes opp.

Økonomiplanen og årsbudsjett skal vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar, mål og premisser. Det skal også vise utviklinga i kommunens økonomi, gjeld og andre vesentleg forpliktingar.

Vedtaket om årsbudsjett skal angi kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settast opp i balanse. Den skal vere realistisk, fullstendig og oversiktleg.

Statsforvaltaren i Viken legg også vekt på følgjande viktige moment, som kan hende er sjølvsgade. Rådmannen vil likevel peike på desse i den vidare prioriteringa av ev. nye tiltak:

- Stresstest ved endring av renter på eit kort- og mellomlang sikt
- Sterkt fokus på oppgåvene, skilje mellom:
  - o MÅ gjere-oppgåver og BØR gjere-oppgåver og KAN gjere-oppgåver
- Stresstest ved investeringar, sjå og peike på særskilde konsekvensar utover økonomiplan-perioden



### Budsjettføresegner 2024:

Utgangspunktet for utarbeiding av budsjettet for 2024 var ei vidareføring av 2023-nivå og innanfor dei forventa samla driftsinntektene.

Særskilde driftstiltak for 2023 som ikkje skal vidareførast, er trekt ut av rammene, og nye særskilde vedtekne tiltak/utgifter for 2024 er lagt inn.

Ramma til kvar avdeling/sector vert justert og tilpassa slik at løn og sosiale utgifter vert budsjettert med lønssatsar etter forventa lønsoppgjjer 2023. Dette gjeld heilårsverknad i 2024.

### Område «Til fordeling»:

I samsvar med tidlegare praksis, har rådmannen sett av summar på fellesområde «til fordeling». Dette gjeld:

- Forventa lønsoppgjjer 2024. Beløpet inkluderer tenkte konsekvensar for lønsoppgjjer frå 1.5.2024 inklusiv sosiale kostnader og er sette til 11,85 mill. kroner som kostnad
- Berekna husleige frå Vestre Viken, rekna til 6,36 mill. kroner i husleigeinntekter. Dette beløpet heng for ein stor del saman med opphavleg innlån på 70,0 mill. kroner

## **Føresetnader–økonomiplan 2024–2027**


### Frie inntekter:

Rådmannen har nytta grønt hefte frå regjeringa og lagt tala inn som dei ligg føre i statsbudsjettet for 2024 på totalt 354 mill. kr. Av dette er 183 mill. kr rammetilskott og 171 mill. skatteinntekter. Dei endelege skatteinntektene for 2024 er ikkje kjend før i januar 2025.

Dei frie inntektene til Ål kommune som vert presentert i statsbudsjettet for 2024 har ein nominell vekst med 4,8 % sett opp mot tilsvarende tal for 2023. I same periode er det anslått ei gjennomsnittleg vekst for landet på 4,7 %. Det vil normalt bli endringar utover hausten ettersom statsbudsjettet skal forhandlast om.

Regjeringa har fjerna trekk i rammetilskottet for såkalla «superprofitt» på ekstraordinære kraftinntekter frå 1. oktober 2023. Det vil seie at Ål ikkje blir trekt i 2024.

Venta deflator for 2024 er på 4,3 %, med ein lønsvekst på 4,9 % og prisvekst på 3,4 %. Kommunane kompenserast som regel for løns -og prisvekst via endringar i rammetilskottet. I 2024 vil det bli ei markant auke i pensjonskostnadane, dette er også kompensert via statsbudsjettet. Som ein konsekvens av relativ høg lønsvekst i 2023 og 2024 vil skatteinngangen også auke tilsvarende.



## Løyvingsoversikt drift §5-4 første ledd (Skjema 1A)

Linje	Driftsinntekter	Oppr. B					
		R 2022	2023	B 2024	B 2025	B 2026	B 2027
1	Rammetilskudd	159 596	117 500	183 000	183 000	183 000	183 000
2	Inntekts- og formuesskatt	165 146	154 500	171 000	171 000	171 000	171 000
3	Eiendomsskatt	36 577	34 600	45 500	45 500	45 500	45 500
4a	<i>Andre generelle driftsinntekter</i>	47 048	47 929	54 575	52 475	52 475	48 529
5	<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>408 367</b>	<b>354 529</b>	<b>454 075</b>	<b>451 975</b>	<b>451 975</b>	<b>448 029</b>
6	<b>Sum bevilgninger drift, netto (Skjema 1B) linje 23-33</b>	<b>415 276</b>	<b>452 556</b>	<b>542 755</b>	<b>505 263</b>	<b>503 551</b>	<b>508 150</b>
7	Avskrivninger	32 887	37 451	37 451	37 451	37 451	37 451
8	<b>Sum generelle driftsutgifter</b>	<b>448 163</b>	<b>490 007</b>	<b>580 206</b>	<b>542 714</b>	<b>541 002</b>	<b>545 601</b>
9	<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-39 796</b>	<b>-135 478</b>	<b>-126 131</b>	<b>-90 739</b>	<b>-89 027</b>	<b>-97 572</b>
10	Renteinntekter	4 065	3 830	6 366	6 366	6 366	6 366
11	Utbytter	96 437	151 500	86 500	91 500	91 500	91 500
12	Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler - netto	0	0	0	0	0	0
13	Renteutgifter	10 331	14 058	11 030	12 980	13 580	13 330
14	Avdrag på lån	19 932	21 250	10 700	11 700	12 100	11 700
15	<b>Netto finansutgifter</b>	<b>70 239</b>	<b>120 022</b>	<b>71 136</b>	<b>73 186</b>	<b>72 186</b>	<b>72 836</b>
16	Motpost avskrivninger	32 887	37 451	37 451	37 451	37 451	37 451
17	<b>"Netto driftsresultat"</b>	<b>63 330</b>	<b>21 995</b>	<b>-17 544</b>	<b>19 898</b>	<b>20 610</b>	<b>12 715</b>
	<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>	<b>R 2022</b>	<b>Oppr. B 2023</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
18	Overføring til investeringregnskapet	4 025	29 392	40 670	26 650	15 400	10 400
19a	Avs. til bundne driftsfond	12 452	8 150	9 157	9 157	9 157	9 157
19b	Bruk av bundne driftsfond	-14 076	-9 047	-12 512	-11 612	-11 512	-11 512
20a	Avs. til disposisjonsfond	64 954	0	0	0	9 065	6 170
20b	Bruk av disposisjonsfond	-4 025	-6 500	-54 859	-4 297	-1 500	-1 500
21	Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
22	<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-63 330</b>	<b>-21 995</b>	<b>17 544</b>	<b>-19 898</b>	<b>-20 610</b>	<b>-12 715</b>
23	<b>Til fordeling drift (se skjema 1B) - korrigert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Løyvingsoversikt drift §5-4 andre ledd (1B)

	R 2022	Oppr. B 2023	B 2024	B 2025	B 2026	B 2027
0 - Til fordeling - inntekter	-5 633	-5 739	-6 361	-6 361	-6 361	-6 361
0 - Til fordeling - utgifter	-11 709	1 644	6 211	14 861	14 861	14 861
0 - Til fordeling - nettoutgifter	-17 342	-4 095	-150	8 500	8 500	8 500
1 - Adm. & felles - inntekter	-71 659	-2 708	-3 534	-3 529	-3 494	-3 616
1 - Adm. & felles - utgifter	121 421	58 297	64 805	62 758	62 237	63 146
1 - Adm. & felles - nettoutgifter	49 762	55 589	61 271	59 229	58 743	59 530
2 - Oppvekst - inntekter	-33 974	-16 291	-16 878	-15 838	-15 838	-15 838
2 - Oppvekst - utgifter	159 603	151 499	170 423	162 236	162 236	166 403
2 - Oppvekst - nettoutgifter	125 629	135 208	153 545	146 398	146 398	150 565
3 - Helse & sosial - inntekter	-84 141	-46 987	-46 374	-46 272	-46 088	-45 897
3 - Helse & sosial - utgifter	263 594	221 114	262 991	257 619	257 435	257 244
3 - Helse & sosial - nettoutgifter	179 453	174 127	216 617	211 347	211 347	211 347
4 - Kultur inntekter	-8 622	-5 844	-6 143	-6 143	-6 143	-6 143
4 - Kultur utgifter	24 807	18 109	22 731	19 839	19 658	19 658
4 - Kultur - nettoutgifter	16 185	12 265	16 588	13 696	13 515	13 515
5 - Teknisk - inntekter	-31 459	-20 383	-19 764	-19 589	-19 589	-19 589
5 - Teknisk - utgifter	94 056	85 265	118 306	89 367	88 322	88 222
5 - Teknisk - nettoutgifter	62 597	64 882	98 542	69 778	68 733	68 633
6 - Sjølvkostområdet - inntekter	-36 228	-27 100	-44 786	-44 786	-44 786	-44 966
6 - Sjølvkostområdet - utgifter	30 034	27 100	34 755	34 755	34 755	34 755
6 - Sjølvkostområdet - nettoutgifter	-6 194	0	-10 031	-10 031	-10 031	-10 211
7 - Andre einingar - inntekter	-5 968	-1 668	-1 683	-1 683	-1 683	-1 683
7 - Andre einingar - utgifter	11 452	16 928	7 927	7 927	7 927	7 852
7 - Andre einingar - nettoutgifter	5 484	15 260	6 244	6 244	6 244	6 169
8 - Ål kommune som vertskap - inntekter (frå 2023)	0	-121 907	-113 516	-113 516	-113 516	-113 516
8 - Ål kommune som vertskap - utgifter (frå 2023)	0	121 907	114 325	114 298	114 298	114 298
8 - Ål kommune som vertskap - nettoutgifter	0	0	809	782	782	782
9 - Andre inntekter som ikkje er med i skjema 1A	-380	-680	-680	-680	-680	-680
9 - Andre utgifter som ikkje er med i skjema 1A	82	0	0	0	0	0
9 - Andre nettoutgifter	-298	-680	-680	-680	-680	-680
Sum - inntekter	-278 064	-249 307	-259 719	-258 397	-258 178	-258 289
Sum - utgifter	693 340	701 863	802 474	763 660	761 729	766 439
<b>Sum - bevilgninger drift - skjema 1B</b>	<b>415 276</b>	<b>452 556</b>	<b>542 755</b>	<b>505 263</b>	<b>503 551</b>	<b>508 150</b>



## Ramme for Budsjett 2024–2027–driftsbudsjett:

### Økonomisk oversikt–drift

	R 2022	B 2023	B 2024	B 2025	B 2026	B 2027
<b>Driftsinntekter</b>						
1 Rammetilskudd	159 596	117 500	183 000	183 000	183 000	183 000
2 Inntekts- og formuesskatt	165 146	154 500	171 000	171 000	171 000	171 000
3 Eiendomsskatt	36 576	34 600	45 500	45 500	45 500	45 500
4 Andre skatteinntekter	20 561	21 800	22 446	22 446	22 446	22 500
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	26 487	26 129	32 129	30 029	30 029	26 029
6 Overføringer og tilskudd fra andre	193 786	179 344	170 896	170 614	170 395	170 326
7 Brukerbetalinger	19 699	16 660	18 725	17 685	17 685	17 685
8 Salgs- og leieinntekter	64 580	53 303	70 098	70 098	70 098	70 278
9 Sum driftsinntekter	686 431	603 836	713 794	710 372	710 153	706 318
<b>Driftsutgifter</b>						
10 Lønnsutgifter	364 240	357 874	402 970	403 737	402 909	402 959
11 Sosiale utgifter	75 773	80 011	95 497	95 836	95 612	99 760
12 Kjøp av varer og tjenester	216 855	223 300	244 208	234 143	233 788	234 353
13 Overføringer og tilskudd til andre	36 473	40 678	59 799	29 944	29 420	29 367
14 Avskrivninger	32 887	37 451	37 451	37 451	37 451	37 451
15 Sum driftsutgifter	726 227	739 314	839 925	801 111	799 180	803 890
16 Brutto driftsresultat	- 39 796	- 135 478	- 126 131	- 90 739	- 89 027	- 97 572
<b>Finansinntekter</b>						
17 Renteinntekter	4 065	3 830	6 366	6 366	6 366	6 366
18 Utbytter	96 437	151 500	86 500	91 500	91 500	91 500
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-	-	-
20 Renteutgifter	10 331	14 058	11 030	12 980	13 580	13 330
21 Avdrag på lån	19 933	21 250	10 700	11 700	12 100	11 700
22 Netto finansutgifter	70 239	120 022	71 136	73 186	72 186	72 836
23 Motpost avskrivninger	32 887	37 451	37 451	37 451	37 451	37 451
24 Netto driftsresultat	63 330	21 995	- 17 544	19 898	20 610	12 715
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>						
25 Overføring til investering	4 025	29 392	40 670	26 650	15 400	10 400
26 Avsetninger til bundne driftsfond	12 452	8 150	9 157	9 157	9 157	9 157
27 Bruk av bundne driftsfond	- 14 076	- 9 047	- 12 512	- 11 612	- 11 512	- 11 512
28 Avsetninger til disposisjonsfond	64 954	-	-	-	9 065	6 170
29 Bruk av disposisjonsfond	- 4 025	- 6 500	- 54 859	- 4 297	- 1 500	- 1 500
30 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
31 Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	63 330	21 995	- 17 544	19 898	20 610	12 715
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-	-



<i>Alle tal i heile 1.000 kroner</i>	R 2020	R 2021	R 2022	Rev. b 2023	B 2024	B 2025	B 2026	B 2027
Samla driftsinntekter	641 807	642 176	686 431	639 781	713 794	710 372	710 153	706 318
Samla driftsutgifter	682 544	665 290	726 227	794 416	817 380	801 390	799 529	804 239
Brutto driftsresultat	-40 736	-23 114	-39 796	-154 635	-103 586	-91 018	-89 376	-97 921
Netto driftsresultat	-248	7 156	63 330	42 658	44 701	22 669	24 711	16 666
Brutto driftsresultat i % av samla driftsinntekter	-6,3 %	-3,6 %	-5,8 %	-24,2 %	-14,5 %	-12,8 %	-12,6 %	-14 %
Netto driftsresultat i % av samla driftsinntekter	0,0 %	1,1 %	9,2 %	6,7 %	6,3 %	3,2 %	3,5 %	2 %

Etter ny kommunelov § 14–2 skal alle kommunar ha finansielle måltal. Formålet med finansielle måltal er å synleggjera kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid, og nytte dette som ein del av vedtaksgrunnlaget i økonomiplan og i budsjettprosessen. I Ål kommune gjeld følgande nøkkeltal:

**Handlingsregel 1:** Netto driftsresultat Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir brukt som eit mål på kommunens økonomiske handlefridom. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at denne indikatoren over tid bør ligge på minst 1,75 %.

**Handlingsregel 2:** Disposisjonsfond Fylkesmannen anbefaler eit disposisjonsfond på minimum 5 % av brutto driftsinntekter

**Handlingsregel 3:** Netto lånegjeld Netto lånegjeld definerast i KOSTRA som langsiktig gjeld minus totale utlån og ubrukte lånemidlar. Målsetjinga for netto lånegjeld er at den skal vere mindre enn 75 % av brutto driftsinntekter.

#### **Diverse måltal:**

Brutto driftsresultat kan på mange måtar seiast å svare til ei bedrift sitt driftsresultat. Som vist i økonomisk oversikt drift, har Ål kommune eit negativt brutto driftsresultat på kr 103,6 mill. Svært mange kommunar er i same situasjon. For kraft-kommunar vil dette vere det eit spørsmål kor ein får overskot på sal av kraft. I 2022 hadde Ål kommune eit negativt brutto driftsresultat på 39,8 mill. kr. Inkludert avskrivningar på 32,9 mill. Avskrivningar blir ført med motsett forteikn før netto driftsresultat bereknast.

#### **Netto driftsresultat:**

Budsjettert netto driftsresultat for 2024 er på 44,7 mill. og med det 6,3 % av brutto driftsinntekter. Netto driftsresultat justerer for renter og avdrag og dessutan andre finanspostar.

Eit positivt netto driftsresultat betyr at kommunen har rom til å eigenfinansiere investeringar, og/eller kan gjere avsetningar til seinare bruk. Ein kan også nytte resultatet til å betale ekstraordinært avdrag på lånegjeld. Eit godt netto driftsresultat er viktig for å behalde kommunen si handlefridom.

Det er alminneleg akseptert at ein nyttar + 1,75 % som ynskt resultatmål for netto driftsresultat sett opp mot brutto driftsinntekter. For Ål kommune må ein justere for at brutto driftsinntekter også inkluderer meir enn 100 millionar kroner frå vertskapsrolla for interkommunal verksemd.

Kommunen enda på eit positivt netto driftsresultat i 2022 med 63,3 mill. kr.





## Endringer i driftsbudsjettet etter Rådmannen sitt framlegg:

Tiltak	B 2024
Leveld Kunstnartun	123 000
Auka språkressurs barnehagen	250 000
Auka møteressurs barnehagen	220 000
Auka støtte – Polen-tur	50 000
Prosjekt tradisjonskultur	450 000
Kremasjonsavgift – Ål kyrkje	75 000
Tilskot lag og organisasjonar – auke	50 000
Redusere inntekt – Ål kraftverk KF	40 000 000
Overføring frå drift til investering	-40 670 000

### Formannskapet 11.12.23

Tiltak	B 2024	B 2025
Ål IL – stilling	900 000	
Skolemat – fører alt som kjøp teneste	1 000 000	
Leveld teaterlag	150 000	
Berekraftig reisemål	89 000	89 000
Upstream – forprosjekt (intensjonsvedtak)	2 000 000	
Hundegård vs. Vasshullet	250 000	
Boligtilskudd	10 000 000	

## Endringer i investeringsbudsjettet etter møte i Formannskapet:

Tiltak	Beløp 2024
Overføring frå drift til investering	40 670 000
Grunnkjøp – 4,2 mill. kroner	-1 300 000
Bustadfelt Sireåne	500 000
Forprosjekt turstig Nordbygdane skule – Feten	300 000
Naturverdikartlegging	1 000 000
Forprosjekt Helsetun	500 000
Saldering – bruk av lånemidlar	-50 000 000

## Endringer i investeringsbudsjett etter sak 123/2023 i Formannskapet:

### Prosjektnr.

Tiltak	B 2024
011 Fornyng låssystem Ål helsetun	376 000
011 Fornyng låssystem Ål helsetun – mva.	94 000
013 Næringstomter – Torpo	2 960 000
013 Næringstomter – Torpo – mva.	740 000
013 Næringstomter – Torpo – mva. – tillegg	250 000
016 Stavin – utleigebustad	1 000 000
037 Hago burettslag	1 500 000
066 Trafikksikring – trafikk	1 200 000
066 Trafikksikring – trafikk – mva.	300 000
067 Veggen Baklien – Sandelien	1 500 000



092	Renovasjonspunkt	1 800 000
118	Skattebøl skole – renovering	240 000
118	Skattebøl skole – renovering – mva.	60 000
132	Prestegardsjorde – miljøterapi	560 000
132	Prestegardsjorde – miljøterapi – mva.	140 000
197	ENØK – egne bygg	2 000 000
197	ENØK – egne bygg – mva.	500 000
	<b>Dekning; Mva-refusjon</b>	<b>-2 084 000</b>
	<b>Dekning – Bruk av lånemiddel</b>	<b>-13 136 000</b>



## Driftsbudsjettet

### Økonomisk status for kommunen

Det reknast ofte med 5 område som blir definert som viktig for ein god kommuneøkonomi:



### Inntekter (skjema økonomisk oversikt-drift)

#### 1 og 2 Rammetilskot og skatt på inntekt og formue:

Rådmannen har lagt inn skatt og rammetilskot i samsvar med KS sine berekningar.

#### 3 Eigedomsskatt:

Eigedomsskattesatsen er på 2‰ på bustader og fritidsbustader, næringseigedomar har 7‰ frå 2023. Budsjetterte inntekter på eigedomsskatt er på 45,5 mill. kr

#### 4 Andre skatteinntekter

Dette gjeld konsesjonsavgifter og naturressursskatt. Denne står fast i perioden, men aukar kvart femte år. Inntektene blir sett av til kraftfond, men har tilsvarende uttak gjennom året, dekkja av kraftfond. Endring påverkar difor ikkje resultatet.

Naturressursskatt er ein særskatt som reknast ut ifrå det enkelte kraftanlegg sin gjennomsnittlege kraftproduksjon dei siste 7 åra. For 2024 er det budsjettert med 14 mill. kr i inntekt.

#### 5 Andre overføringar og tilskot frå staten

I dette beløpet inngår integreringstilskot for busetting av flyktningar. Dersom talet på flyktningar blir redusert vil også inntekta bli redusert. Dersom integreringstenesta har lukkast, så vil det samstundes bety lågare utgifter.

Ål kommune har vore flinke og stilt seg til disposisjon då flyktningkriser krev at kommunane stiller opp.

Budsjett 2024 tar høgde for busetting av 50 flyktningar som då gjer eit integreringstilskot på 35,5 mill. kr



## 6 Overføringer og tilskot frå andre

Beløpet gjeld bl.a. refusjon frå andre kommunar ettersom Ål kommune er vertskommune for større interkommunale samarbeid, til saman blir refundert nær 125 mill. kroner. Dette er inkl. sal til Ål kommune sjølv som brukar av desse tenestene.

Særskilde tilskot frå staten er også inklusiv i denne posten, m.a. 26 mill. kroner som refusjon for ressurskrevjande brukarar.

## 7 Brukarbetaling

Beløpet er forskjellige innbetalingar frå brukarane av tenestene i Ål kommune, m.a. barnehage, SFO, helse- og omsorgstenester m.m.

## 8 Sals- og leigeinntekter

I beløpet er kommunale årsgebyr for sjølvkostområdet med om lag 43,1 mill. kroner. Av andre større beløp er husleigeinntekter. Når det gjeld sjølvkostområdet er desse inntektene underlagt særskilt lovverk.

# Utgifter (skjema økonomisk oversikt-drift)

## 10 Lønsutgifter

Konsekvensane av lønsoppgjret for 2023 – heilårsverknad – er lagt inn. Statsbudsjettet har lagt til grunn ein lønsvekst på 4,9 % i 2024 og det er sett av 8,8 mill. til lønsoppgjret frå 1. mai 2024.

## 11 Sosiale utgifter

Når løn stigar, vil også dei sosiale utgiftene stige. I dette beløpet ligg også premieavvik som er ein sær usikker storleik, men som i Ål tidlegare vart rekna inn og som fekk ein positiv verknad på budsjett og rekneskap enda det er berre ein papir-transaksjon. Rådmannen har vore nøydd til å vidareføre budsjettbeløpet i 2024.

Det er verdt å merke seg at Ål kommune budsjetterer med at nær 66 % av alle kostnadene er knytt opp mot løn og sosiale kostnader. Samstundes må ein ta høgde for at inkl. i lønskostnadene til Ål kommune er løn til interkommunalt samarbeid der Ål er vertskap, eit samarbeid som oftast er veldig arbeidskraftintensiv verksemd. Pensjonskostnaden for 2024 er venta å bli 49,4 mill. dette er ei auke på 7,7 mill. frå fjoråret.

## Premieavvik:

Premieavvik og amortisering av premieavvik vil bety noko for det rekneskapsmessige resultatet for året. Premieavviket skal i teorien svinge frå positivt til negativt premieavvik, men det er ei stund sidan var negativt premieavvik. Ål kommune har dei siste åra lagt inn forventna premieavvik som ei redusert utgift. For 2023 og perioden er det budsjettert med ei negativ utgift på 12,0 mill. kroner. Rådmannen vil på sikt forsøke å redusere denne posten.

## 12 Kjøp av varer og tenester

Dette er ordinære driftskostnader som blir brukt til eigenproduksjon av tenester. Ettersom Ål kommune kjøper tenester også av den verksemda vi er vertskap får bles vi opp nokre tal.



### Andre utgifter–kjøp av utstyr m.m.:

Det er tatt høgde for ei generell prisvekst på 3,5 % i budsjettet for 2024.

### 13 Overføringar og tilskot til andre

Dette er kostnader til m.a. mva.

Ål kommune deler ut svært mange tilskot til svært mange gode føremål, om lag 22 mill. kroner i budsjett 2023.

### 14/23 Avskrivningar

Avskrivningar i kommunal sektor er ein lite interessant storleik ettersom avdragsutgifter erstattar kapitalslitet som er viktig i privat sektor, sjå også punkt 23. For ein kommune kunne det vere interessant å redusere på avdrag (auke avdragstida), men som ein sikringsregel har ein fått eit omgrep som heiter minste-avdrag.

### 17 Renteinntekter

Ål kommune sin likviditet er god, men varierer mykje gjennom året. Noregs Bank har sett opp styringsrenta og er nå på eit kritisk nivå for mange aktørar i samfunnet. Rådmannen ser til ein viss grad på renteinntektene saman med renteutgiftene på kommunale innlån, og har auka både renteutgiftene og renteinntektene monaleg.

### 18 Utbytte frå Ål kraftverk og Vardar

Ål kommune vil kunne rekne med ekstraordinære inntekter for åra 2022–2025 som fylgje av høg pris på energi, særleg i Europa. Det er venta ei markant nedgang i kraftprisane i 2023 og utover og det gjer at desse inntektene er usikre i framtida, enten ved at energiprisar normaliserer seg eller ved at storsamfunnet reagerer på ulikskapar kommunar i mellom.

Det er budsjettert med eit utbytte frå Ål kraftverk på 125 mill. kroner.

### 19 renteutgifter

Rentenivået har auka drastisk dei siste to åra, renta på lån ligg pr. hausten 2023 på om lag 5 %. Forventa rentekostnad for 2024 er på 9,6 mill. kr

### 20 Avdrag

Avdraga på eksisterande lån er faste og rekna etter ei avdragstid på 30 år. Nye lån blir teke opp i samsvar med det reelle forbruket og behovet for å finansiere investeringane–innafor dei rammer som er gjort i kommunen sitt budsjett. Frå 2024 vil rådmannen tilrå kommunestyret å nytte av eigenkapital til å finansiere investeringar.

**Gjeld:** Den renteeksponerte netto gjelda pr. 31.12.2022, inklusiv sjølvkostlån og lån til vidare utlån var på 437 mill. kroner.

Auka renter på lånegjelda er ei utfordring for dei kommunane som har mykje gjeld. Ål kommune har nedbetalt gjeld pr. oktober 2023 med 210,5, mill. kr. Samstundes som budsjett 2024 legg opp til å finansiere nye investeringar frå disposisjonsfondet og ikkje låne til investeringar utanom sjølvkostområdet.

Mykje av restgjelda er knytt opp i mot sjølvkost og dermed finansiert via kommunale gebyr, og dessutan lån i Husbanken til vidare utlån. Kommunen har om lag 65 mill. kr i eigne lån.



**Innskot/fondskapital:** Saldo på disposisjonsfondet pr. 01.01.2023 er på 158 mill. Det er budsjettert med kr 41,6 mill. kr i bruk av disposisjonsfond og 50,8 mill. til avsetning i 2023. I 2024 er det ikkje budsjettert med avsetning til disposisjonsfondet. Årsaka til dette er at alle investeringane på nær 90 mill. er finansiert via driftsbudsjettet og ikkje ved låneopptak.

Innskotsrenta pr. oktober 2023 er sett til 4,9 %. Vi kan rekne å ha mellom 100–140 mill. kroner i banken i snitt.

## Næringsfond–status balanse pr. 1.1.2023

Balanseart	Balansetekst	Beløp:
25101000	Næringsfond–grunnkapital	12.992.841
25101001	Næringsfond–til disposisjon	9.419.475

## Næringsfond–tilgang–B 2024

Art	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Beløp	Kommentar
15501	9000	3252		8 000 000	Konsesjonsavgifter
15501	9000	3252		446.000	Tilskot næringsfond–ECO vasskraft AS
15501	9011	8801		400.000	Renter av næringsfond – til disp.
<b>Tilført næringsfond</b>				<b>8 846 000</b>	

## Jordbruksfond og fiskefond – bruk B 2024

Art	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Beløp 2023	Beløp 2024	Kommentar
19502	9011	3252	919	-250 000	-400 000	Bruk av jordbruksfond – nydyrking
19503	9011	3252	920		-16.000	Bruk av fiskefond

## Næringsfond – bruk B 2024

Art	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Beløp 2023	Beløp 2024	Kommentar
19501	9011	3291	231	-120 000	-120 000	Næringsfond – Utmarksoppsyn
19501	9011	3861	396	-271 000	-271 000	Næringsfond – Landsdelsscene for dans
19501	9011	3604	442	-200 000	-300 000	Næringsfond – Ladestasjonar
19501	9011	3253	901	-1 500 000	-1 550 000	Næringsfond – Ål utvikling
19501	9011	3252	903	-1 200 000	-1 200 000	Næringsfond – Næringsstilskot
19501	9011	3253	904	-100 000		Næringsfond – Sats på Hallingdal
19501	9011	2852	907	-16 000	-16 000	Næringsfond – Budeienettverk
19501	9011	2852	908	-20 000	-20 000	Næringsfond – Skarsgard-Bry bru
19501	9011	2852	909	-33 000	-33 000	Næringsfond – Feten Flævatn



19501	9011	3031	912	-125 000	-125 000	Næringsfond – kart og oppmåling
19501	9011	3251	917	-871 000	-931 000	Næringsfond – Næringskontor
19501	9011	3851	918	-280 000	-430 000	Næringsfond – Arrangementsfond
19501	9011	3603	925	-250 000	-250 000	Næringsfond – Sykkelsatsing
19501	9011	3253	939	-432 000		Næringsfond – Kleivi næringspark
19501	9011	3603	941	-200 000	-200 000	Næringsfond – Sykkelsti i fjellet
19501	9011	3603	946	-1 670 000	-1 670 000	Næringsfond – Løypekøyning
19501	9011	3253	962	-250 000	-250 000	Næringsfond – Hallingdal etablerarsenter
19501	9011	3253	976	-625 000	-625 000	Næringsfond – Torpomoen
19501	9011	3779	986	-100 000	-200 000	Næringsfond – Leveld Kunstnartun
19501	9011	3801	987	-50 000	-50 000	Næringsfond – Idrettsanlegg
19501	9011	3802	988	-110 000	-110 000	Næringsfond – Idrettsaktivitet
19501	9011	3252	910		-300 000	Konsekvensutgreiing fritidsbustader
19501	9011	3253	904		-100 000	Sats på Hallingdal (regionalt) – K-sak 40-2021
<b>Bruk næringsfond</b>				<b>- 8 423 000</b>	<b>-8 751 000</b>	

### Kontingentar betalt i 2023

<b>Tekst</b>	<b>Beløp</b>
UTMARKSKOMMUNENES SAMMENSLUTNING	48 000
SKIPTVET KOMMUNE/LOKLSAMFUNNSFORENING	5 000
VESTLAND FYLKESKOMMUNE/FORUM NYE BERGENSBANE	56 093
LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR	14 317
VALGFORUM	1 500
NORSK TURISTUTVIKLING AS	12 500
KLEIVI VEL	1 500
HARDANGERVIDDATUNNELENE	25 000
LVK (betalt av Ål kraftverk)	242 314
<b>Sum</b>	<b>406 224</b>



## Interkommunalt samarbeid

<b>Interkommunalt samarbeid - andre som vertskap</b>	<b>Vertskap</b>	<b>Beløp 2024</b>	<b>Rev. beløp 2023</b>
Felles innkrevingskontor	Gol	400 000	400 000
Hallingdal etablerersenter	Gol	250 000	250 000
IKT Hallingdal	Gol	13 500 000	12 100 000
Grunnskoleopplæring voksne	Gol	900 000	900 000
Kommunehelse-samarbeid	Bærum	20 000	20 000
Miljøretta helsevern/ungdomslos m.m.	Gol	284 000	284 000
NAV	Gol	10 660 000	10 315 000
Felleskjøkken Hol og Ål	Hol	2 350 000	2 350 000
Felleskjøkken Hol og Ål	Hol	1 928 000	1 928 000
		<b>30 292 000</b>	<b>28 547 000</b>
<b>Interkommunalt samarbeid - Ål er vertskap</b>	<b>Vertskap</b>	<b>Beløp 2024</b>	<b>Beløp 2023</b>
Regionrådet	Ål	850 000	700 000
Hallinghelse	Ål	1 955 000	1 800 000
Barnevern	Ål	11 470 000	14 416 000
Klimakoordinator	Ål	100 000	100 000
Ål sin andel av interkomm. Legevakt	Ål	2 781 000	2 781 000
IMA	Ål	6 000 000	6 000 000
PPT - grunnskole (fra 2024 ikke kjøp)	Ål	0	2 551 000
PPT - barnehage (fra 2024 ikke kjøp)	Ål	0	1 701 000
Sikker			
Vass-forvaltning	Ål	100 000	100 000
		<b>23 256 000</b>	<b>30 149 000</b>
<b>IKS</b>			
Hallingdal Brann- og redningstjeneste		7 000 000	6 600 000
Hallingal renovasjon		12 921 000	18 226 000
		<b>19 921 000</b>	<b>24 826 000</b>

	<b>2024</b>	<b>Rev. bud. 2023</b>
Overføringer til Ål kyrkjelege fellesråd	6 114 000	6 246 000





## Investeringar

### Løyvingsoversikt investering etter §5-5 første ledd

Investeringsutgifter	R 2022	B 2023	B 2024	B 2025	B 2026	B 2027
1 Investeringer i varige anleggsmidler	33 087	97 512	121 840	66 875	15 875	9 625
2 Tilskudd til andres investeringer	4 108	3 500	1 500	-	-	-
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 297	1 450	1 500	1 500	1 500	1 500
4 Utlån av egne midler - se punkt 15	-	-	-	-	-	-
5 Avdrag på lån - se punkt 16	-	-	-	-	-	-
<b>6 Sum investeringsutgifter:</b>	<b>38 492</b>	<b>102 462</b>	<b>124 840</b>	<b>68 375</b>	<b>17 375</b>	<b>11 125</b>
<i>av dette mva.</i>	<i>4 750</i>	<i>13 675</i>	<i>20 034</i>	<i>11 725</i>	<i>1 975</i>	<i>725</i>
<b>Investeringsinntekter</b>	<b>R 2022</b>	<b>B 2023</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	-4 750	-13 675	-20 034	-11 725	-1 975	-725
8 Tilskudd fra andre	-3 566	-	-1 000	-	-	-
9 Salg av varige driftsmidler	-962	-1 000	-1 000	-1 000	-6 000	-6 000
10 Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-	-	-
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-	-	-
13 Bruk av lån	-27 368	-54 828	-63 136	-30 000	-	-
<b>14 Sum investeringsinntekter - eksternt</b>	<b>-36 646</b>	<b>-69 503</b>	<b>-85 170</b>	<b>-42 725</b>	<b>-7 975</b>	<b>-6 725</b>
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>R 2022</b>	<b>B 2023</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
15 Videreutlån Startlån	1 305	4 000	8 000	8 000	8 000	8 000
16 Bruk av lån til videreutlån Startlån	-1 305	-4 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
17 Avdrag på lån til videreutlån Startlån	4 882	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
18 Mottatte avdrag på videreutlån Startlån	-2 820	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
<b>19 Netto utgifter videreutlån:</b>	<b>2 062</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>R 2022</b>	<b>B 2023</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
20 Overføring fra drift	-4 025	-33 959	-40 670	-26 650	-15 400	-10 400
21A Avsetning til bundne investeringsfond	2 760	1 000	-	-	-	-
21B Bruk av bundne investeringsfond	-3 619	-	-	-	-	-
22A Avsetning til ubundne investeringsfond	976	-	1 000	1 000	6 000	6 000
22B Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	-	-	-
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-	-	-
<b>24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger:</b>	<b>-3 908</b>	<b>-32 959</b>	<b>-39 670</b>	<b>-25 650</b>	<b>-9 400</b>	<b>-4 400</b>
Sum investeringsutgifter - linje 6	38 492	102 462	124 840	68 375	17 375	11 125
Sum investeringsinntekter - eksternt - linje 14	-36 646	-69 503	-85 170	-42 725	-7 975	-6 725
Netto-utgifter videreutlån	2 062	-	-	-	-	-
Sum investeringsutgifter - internt linje 24	-3 908	-32 959	-39 670	-25 650	-9 400	-4 400
<b>TOTALT</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>



## Løyvingsoversikt investering etter §5-5 andre ledd

<b>1 Investeringer i varige anleggsmidler (netto)</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
009 - Ny fasade Tingstugu (mva-komp)	1 000	-	-	-
010 - Renovere bad Stugu (16 rom a 250') (mva-komp)	1 000	1 000	1 000	1 000
011 - Fornying låsesystem gamal del Ål helsetun	376	-	-	-
012 - Stavin 12 , nytt tak (ikkje mva. ref.)	750	-	-	-
013 - Næringstomter Wangen - Torpo fra 17 mill. i 2023, se prosjekt 024 og 07	8 960	-	-	-
016 - Stavin, ny utleigebustad	1 000	-	-	-
026 - WIFI - Ål kommune	300	-	-	-
032 - Branntrygging	1 300	1 000	1 000	1 000
036 - Minihus	2 000	-	-	-
037 - Hago burettslag	1 500	-	-	-
046 - Uteområde Nedre Ål skule (spelemiddeltilskot)	11 500	-	-	-
050 - Overvaking Rødungen RA, Bergsjøstølen PS, Slakteplassen PS	-	750	-	-
066 - Trafikk-sikring	1 200	-	-	-
075 - Bustadfelt Sireåne	500	4 000	-	-
080 - Turstig Breie - Kleivi	4 000	-	-	-
083 - Forprosjekt turstig Nordbygdane skule - Feten	300	-	-	-
086 - Naturverdikartlegging	1 000	-	-	-
092 - Renovasjonspunkt	2 800	-	-	-
096 - Biler - helse og sosial	600	600	600	600
103 - Ål kulturhus - utbygging	500	-	-	-
112 - Sambindingsveg gangstig Stasjonsvegen - Sundrejordet - Kulturhustorget	1 500	-	-	-
118 - Skattebøl skule, renovering	240	-	-	-
119 - Torpo skule - utbetre betongsskader under bassenget	600	-	-	-
122 - Naturfarekartlegging	2 000	-	-	-
123 - Utskifting maskiner renhald	500	300	300	300
124 - Renovering leilighetar Brattebakken	5 000	5 000	-	-
125 - Utskifting av maskiner veg og park (mva-komp)	3 000	-	-	-
130 - Tilrettelegging bustad ein brukar	3 500	-	-	-
132 - Prestegardsjordet - avd. miljøterapi (renovering gult bygg)	20 560	-	-	-
133 - Sentrumsutvikling	700	500	-	-
142 - Oppgradering kapellet og nytt kjølerom	400	-	-	-
145 - Ål helsetun - forprosjekt og bygging omsorgsbustader - basseng	500	30 000	-	-
151 - Nye stolar Storesalen Ål kulturhus	1 900	-	-	-
154 - Leksvol - renovering av 2 omsorgsleiligheter i underetasjen	400	-	-	-
	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
155 - Utleigebustad Stavin 12 - renovering	2 250	-	-	-
156 - Stavin - drenering rundt nr. 7,9,11 og 12 - nytt vass- og avløp	1 000	1 000	-	-
162 - Golv og sidemask - storesalen	200	-	-	-
169 - Bil til maler, med stilashenger	270	-	-	-
172 - Rehabilitering vann	2 500	2 500	2 500	2 500
172 - Rehabilitering kloakk	2 500	2 500	2 500	2 500
174 - Grunnkjøp - årleg budsjettsum	4 700	1 000	1 000	1 000
197 - ENØK eigne bygg	7 000	5 000	5 000	-
<b>NETTO - investert i varige driftsmidler</b>	<b>101 806</b>	<b>55 150</b>	<b>13 900</b>	<b>8 900</b>
Mva- som følge av momskompensasjonsordninga	20 034	11 725	1 975	725
<b>Brutto - investeringer i varige driftsmidler</b>	<b>121 840</b>	<b>66 875</b>	<b>15 875</b>	<b>9 625</b>



<b>2 Tilskudd til andres investeringer</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
067 - Veggen Baklien - Sandelien	1 500	-	-	-
<b>Totalt - tilskudd til andres investeringer</b>	<b>1 500</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
177 - Egenkapitalinnskudd	1 500	1 500	1 500	1 500
<b>Totalt - investeringer i aksjer og andeler i selskaper</b>	<b>1 500</b>	<b>1 500</b>	<b>1 500</b>	<b>1 500</b>
<b>6 SUM INVESTERINGBEHOV</b>	<b>124 840</b>	<b>68 375</b>	<b>17 375</b>	<b>11 125</b>



<b>7 Kompensasjon for merverdiavgift</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
MVA med momskompensasjon	-20 034	-11 725	-1 975	-725
<b>Totalt - kompensasjon for merverdiavgift</b>	<b>-20 034</b>	<b>-11 725</b>	<b>-1 975</b>	<b>-725</b>
<b>8 Tilskudd fra andre</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
Spelemidler - uteområde Nedre-Ål skule	-1 000	-	-	-
<b>Totalt - kompensasjon for merverdiavgift</b>	<b>-1 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>9 Sal av varige driftsmidler</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
Budsjettert beløp for sal av varige driftsmidler	-1 000	-1 000	-6 000	-6 000
<b>Totalt - kompensasjon for merverdiavgift</b>	<b>-1 000</b>	<b>-1 000</b>	<b>-6 000</b>	<b>-6 000</b>
<b>13 Bruk av lån</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
179 - Diverse finansiering inv.regnskapet	-63 136	-30 000	-	-
<b>SUM - Bruk av lån</b>	<b>-63 136</b>	<b>-30 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>14 SUM EKSTERN FINANSIERING</b>	<b>-85 170</b>	<b>-42 725</b>	<b>-7 975</b>	<b>-6 725</b>
<b>15 Videreutlån</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
111 - Startlån	8 000	8 000	8 000	8 000
<b>SUM - Videreutlån</b>	<b>8 000</b>	<b>8 000</b>	<b>8 000</b>	<b>8 000</b>
<b>16 Bruk av lån til videreutlån</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
179 - Startlån	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
<b>SUM - Bruk av lån til videreutlån</b>	<b>-8 000</b>	<b>-8 000</b>	<b>-8 000</b>	<b>-8 000</b>
<b>17 Avdrag på lån til videreutlån</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
111 - Startlån	2 000	2 000	2 000	2 000
<b>SUM - Avdrag på lån til videreutlån</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>
<b>18 Mottatte avdrag på viderutlån</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
179 - Startlån	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
<b>SUM - Mottatte avdrag på videreutlån</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>
<b>19 Netto utgifter videreutlån</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>20 Overføring fra drift</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
271 - Egenkapitalinnskott frå disp.fond	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Generell overføring frå overskot Ål kraftverk	-39 170	-25 150	-13 900	-8 900
<b>SUM - Overføring fra drift:</b>	<b>-40 670</b>	<b>-26 650</b>	<b>-15 400</b>	<b>-10 400</b>
<b>21 Avsetninger til bundne investeringsfond</b>	<b>B 2024</b>	<b>B 2025</b>	<b>B 2026</b>	<b>B 2027</b>
Avsetning til bundne investeringsfond - rammebeløp	1 000	1 000	6 000	6 000
<b>SUM - Overføring fra drift:</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>6 000</b>	<b>6 000</b>
<b>26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>-39 670</b>	<b>-25 650</b>	<b>-9 400</b>	<b>-4 400</b>
<b>SUM TOTALT FINANSIERT - EKSTERN OG INTERN</b>	<b>-124 840</b>	<b>-68 375</b>	<b>-17 375</b>	<b>-11 125</b>



## Driftsområda

### Administrasjon og servicetenester


Ei av dei største utfordringane i Ål kommune er høgare turn-over i stillingar enn kva som har vore tilfelle tidlegare. Frå 2020 til 2021 har 13,3 % av kommunen sine tilsette skift jobb. Dette er noko mindre enn gjennomsnittet for fylkeskommunar og kommunar, så problemstillinga er gjengs for Kommune-Noreg. Dette fører til eit stort behov for rekruttering. Frå 1.1.2023 til 17.10.2023 har vi lyst ut 138 stillingar, ofte må vi lyse ut fleire gonger før vi finn den rette kandidaten. Gjennomsnittleg tal på søkjarar frå alle publiseringsskanalar er 1,24.

HR jobbar med innovative rekrutteringstiltak og har t.d. nytta får interne leiarutviklingsprogram «Til topps» aktivt ved rekruttering av sjukepleiarar og leiarar. Vi vidarefører rekrutteringskampanjar i Nederland og vil delta på Emigration Expo. Det blir jobba med insentiv som gratis overgangsbustad i ein viss periode og stipendordning for sjukepleiarstudentar. Det er generelt få søkarar til stillingar og vert jobba med fører til betydeleg meirarbeid ved HR og auka kostnader til annonsering. Me ventar framleis høge kostnader med annonsering.

KS avvika tilskot til kommunar som tek mot lærlingar i 2020. Budsjett for lærlingar vart for lågt sett opp mot behovet. I 2023 har me 8 lærlingar. Fem av dei nye lærlingane tek fagprøva innan helsefag, ein kompetanse vi treng sårt ettersom vi har vanskar med å rekruttere helsefagarbeidarar og altfor ofte har vore nøydd til å nytte vikarbyrå for å dekke tenestene. I budsjettet er det teke høgde for om lag fire nye lærlingar kvart år, dvs. åtte til saman. Det er laga tiltak som positivt driftstiltak (meir-kostnader) for ytterlegare tre lærlingar i 2023.

Vi vil framleis ha reduksjon i sjukefråværet som uttalt mål. Medan vi i åra før covid-19 hadde eit totalt fråværet på 7,1–7,2 % ligg vi på om lag 6 % pr. 31.8.2023. Det er stor skilnad mellom avdelingane. Det høge fråværet er ei utfordring for kollegaer og arbeidsmiljøet, og dessutan senkar framdrifta av dei endringane som naturleg høyrer heime i ein organisasjon under utvikling.

Administrasjonen er oppteken av at leining må bli eit satsingsområde framover for å redusere turn-over og auke nærværet i kommunen. I 2024 vil arbeidet med ny arbeidsgivarpolitikk for Ål kommune vere sentralt. Dette vil bygge på prosessar som allereie er starta. Arbeidsgjevarpolitikken er den plattformen me står på for å skape gode velferdstenester.



## Oppvekst

Det har vore gjennomført eit omfattande arbeid innan oppvekstsektoren med Oppvekst 2030; organisering av sektoren ift. søkkande elevtal framover, og planar for alternative løysingar når det gjeld læringsmiljø og pedagogisk miljø i skule og barnehage.

### Skule

Innan skule står sektoren overfor tre hovudutfordringar;

1. Redusert tal elevar i skulane. Samstundes er det fleire barn med samansette utfordringar, som kan krevja 1:1 eller 2:1-bemanning
2. Større grad av ufrivillig skulefråvær enn tidlegare

### Vedr. 1

Sjå tabell nedanfor når det gjeld elevar ved den einskilde skule i perioden 2022-25:

	2022/23	2023/24	2024/2025
Nordbygdene skule	45	52	47
Nedre Ål skule	203	203	187
Skattebøl skule	41	32	21
Torpo skule	43	44	40
Ål ungdomsskule	196	168	169
<b>SUM</b>	<b>528</b>	<b>499</b>	<b>464</b>

Samstundes er det pr. no barn/ungdom som krev 1:1 eller 2:1-bemanning ved alle skulane i Ål. Ved ungdomsskulen har 4 av 10 elevar samansette behov som krev tiltak og/eller ekstra ressursar. Dette kan gjelde både lærevanskar og åtferdsutfordringar, eller ein kombinasjon. Samstundes er det pr no barn/ungdom som krev 1:1 eller 2:1-bemanning ved alle skulane i Ål. Eitt av tiltaka krev kostnader tilsvarande kr 3.500.000. Det er også ei utfordring at sektoren ikkje får tilsett kvalifisert personell til desse utfordringane. Sjå også punktet om behalde og rekruttere personell nedanfor.

### Vedr. 2

Dette problemet har vorte større etter Covid, og er nært knytt til helseutfordringar hos fleire barn. Kvar skule prøver å løyse utfordringane, med eigne ressursar og kompetanse. Det er igangsett fleire tiltak, m.a. kompetanseheving, samarbeid med hjelpetenestene, miljøterapeutar/arbeidarar ved skulane, og lærarar og assistentar som delvis gjennomfører heimeundervisning for enkeltelevar. Vi opplever at vi ikkje strekk til ift. ressursar og ift. kompetanse på dette området. Sektoren treng ressursar, kompetanseheving og tettare samarbeid med og hjelp frå helsesektoren på dette området.

### Barnehage

Barnehagane i Ål ser ein auke i behov for barnehageplassar sjølv om elevtalet på skulen går ned. Ein har sett ei endring frå rundt 2021; då begynte fleire barn tidlegare i barnehagen, frå ca. 11–12 månaders alder. Tidlegare var fleire heime til dei var rundt 2 år. Ein ser også ei endring i val av plass-storleik for barn i barnehagen; frå å ha fleire barn med deltids plassar på 60 % og 80 %, har no dei fleste barn i barnehagen 100 % plass frå dei byrjar. Dette har noko å seie for behovet for fleire barnehageplassar. Tidlegare kunne tre barn dele på to fulltids plassar. Då såg ein og at



enkelte vekedagar som til dømes onsdag var ein dag mange hadde fri, og ein kunne ha lågare bemanning. I dag er kvar dag full. Dette kan også ha ein samanheng med pris for full- og deltids plass, der ein ikkje sparar mykje på å velje deltids plass i staden for full plass. Frå hausten 2024 vil ein fulltidsplass i Ål kommune koste 1500 kr. Dette vil også innverke på tal barn på søkjarlista.

I takt med ei auke av tal barnehageplassar treng ein og fleire tilsette for å kunne oppfylle lovkrava i §25 og 26 i Lov om barnehage. Dette ser ein er ei utfordring då det pr. januar 2024 er 10 vakante stillingar i barnehagane.

Ein ser og eit aukande behov for å tilsette spesialpedagogar, då me har fleire barn enn tidlegare med ulike diagnosar i barnehagane. Desse barna treng 1:1 oppfølging til ei kvar tid. Ved å sette inn nok ressursar tidleg vil ein kunne redusere hjelpebehovet noko når barna kjem i skulealder, då fleire av programma for barn med diagnosar, m.a. autisme, har best verknad i alderen 2–6 år. Skulestartar-kullet for 2024/25 er lite i forhold til i 2023 og vil berre frigjera 24 plassar (24 barn i fyrste klasse totalt skuleåret 24/25). Skuleåret 23/24 var det 51 barn i fyrste klasse. Det seier det same som at behovet for fleire barnehageplassar også vil vare ved for barnehageåret 2024/25. 24 store barn frigjer 12 småbarnsplassar. I tillegg vil det bli frigjort plassar når 3-åringane tel 1 i staden for 2 plassar. Sjå tabell under. Til hovudopptaket mars -24 vil vi pr. i dag ha 65 ledige plassar i barnehagane i Ål, dvs. 32 plassar til småbarn. Det blir født ca. 30 barn i 2023. Vi har berre så vidt plass til dei om me utvidar i januar -24.

#### Ledige plassar hovudopptak:

23/24	24/25
51 skulestartarar + 41 3- åringar = 92 plassar (46 småbarn)	24 skulestartarar+ 41 3- åringar = 65 plassar (32 småbarn)

Utvikling i tal plassar i barnehagane i Ål:

20/21	21/22	22/23	23/24
166 barn- 223 plassar	184 barn–267 plassar	184 barn–258 plassar	203 barn–288 plassar.

Her er det berre rekna tal barn og plassar dei tel, ikkje deltids plassar.

Pr oktober er det 18 barn på venteliste–dvs. 36 plassar – og ingen ledige plassar i barnehagane.

Tala for 23/24 er inkludert dei som er på venteliste pr. no.

#### Rekruttere og behalde medarbeidarar–skule og barnehage

Pr oktober -23 har sektoren 10 vakante stillingar i barnehagane, og 12 vakante stillingar innan skule. Dette er ein krevjande situasjon for kvar einskild skule og barnehage. Det bør igangsetjast eit målretta arbeid for å betre rekrutteringssituasjonen til denne type stillingar i kommunen.



**Tiltak lagt inn i driftsbudsjettet:**

Tiltak	Årleg kostnad	Grunngjeving
Fleire barnehageplassar i Ål kommune	2.550.000	18 småbarn på venteliste pr. oktober -23; dette utgjør 36 plassar. Oppfylle målet om full barnehagedekning. Utviding av Torpo barnehage med Bakketun vil gje 24 plassar. Politisk sak til SUKO i oktober. For 2024 lagt inn 2.050.000 fordi vi ikkje reknar med full bemanning og oppstart pr. 010124.
Auka bemanning Skattebøl barnehage	1.056.000	Utvide 2 avdelingar for å kunne ta imot barn som står på venteliste. Vil kunne gje 12 plassar.
Gratis SFO 1. og 2. trinn	1.500.000	Regjeringa har vedteke at alle elevar i 1. og 2. trinn skal ha 12 timar gratis SFO i veka. Manglande foreldrebetaling blir refundert, men er ikkje øyremærka.
Redusert foreldrebetaling frå aug. -24	0	Kr 270.000. Innarbeidd i budsjett ut frå erfaringstal. Merk at dette tiltaket kan medføre at fleire søker barnehageplass, dessutan tidlegare og full plass.
Ressurskrevjande teneste	2.200.000	Tiltak 1 barn (starta frå 2022) som må inn i driftsbudsjettet. Barnevern dekkjer kr 400.000. Dersom vedtak etter helselovgjevinga, kan vi få redusert kostnaden til 2.140.000.
Språkressurs i Sundre barnehage	250.000	I år 19 ulike nasjonalitetar i Sundre bh. Krevst mykje språkarbeid (norsk, ikkje morsmålsundervisning) for å skape ein felles kultur mellom barna. Viktig å starte tidleg ift. å skape god integrering.

**Tiltak det ikkje er funne plass til i driftsbudsjettet:**

Tiltak	Årleg kostnad	Grunngjeving
Møteressurs i barnehagane	220.000	I Ål kommune er det avsett 18 timar i året til felles møtetid, elles i Hallingdal 27 timar. Ønske om auke til 27 timar også i Ål, for å gjennomføre dagens krav til drift av barnehage ift. lov og avtaleverk, og drive profesjonsutvikling.
Auka grunnbemanning i barnehagane	1.900.000	Etter prosjektet om behalde/rekruttere personell kom det fram ynskje om auka grunnbemanning i barnehagane. Tiltaket kan vera førebyggjande ift. vikarbruk og sjukefråvær. Forslag: 3 stillingar fordelt på 5 barnehagar.

**Investeringar**

		2024	2025	2026	2027
046	Uteområde Nedre Ål skule (spelemiddeltiskot 1 mill)	11 500	0	0	0
119	Torpo skule - utbetre betongskader under bassenget	600	0	0	0
	Sum	12 100			





## Helse og omsorg

### STATUS I SEKTOREN I 2023

#### **Tenesteområde i Helse – og omsorgssektoren:**

1. **Familiens hus:** Tverrfagleg tenester til born og unge og deira familiar (inneheldt helsestasjon, vaksinerings, jordmorteneste, psykisk helse barn og unge, logoped, ungdomslos og PPT)
2. **Legetenesta:** legetenester inklusiv daglegevakt og interkommunal legevakt for kveld, natt og helg, interkommunal legevaktsentral
3. **Avdeling Meistring:** Fysio- og ergoterapitenester, psykisk helse vaksne, oppsøkande team og team for hukommelssvikt, KE, dagsenter, heimevaktmeister, Leksvol. Dagsenter for personar med demens, varместugu-lågterskel psykisk helse, friskliv, hyblane og aktiv ung
4. **Miljøterapitenesta avdeling 1 og 2:** Helse og omsorgstenester til menneske med nedsett funksjonsevne, habiliteringstenester, aktivitetstilbod, og avlastning for alle aldra.
5. **Institusjonstenestene:**  
Avdeling Gjestetunet–korttidsavdeling–rehabilitering og avlastning  
Avdeling Stugu–langtidsavdeling med hovudvekt på geriatri og demens
6. **Heimetenestene**–yter helse- og omsorgstenester og praktisk bistand til heimebuande inkludert omsorgsbustader, i tillegg til Granly, Nigarden og Uppigarden
7. **Stab:** Kommuneoverlege, omsorgskontoret, rådgjevar fag- og kvalitetsutvikling, rådgjevar forvaltning, kommunalsjef, brannvernleiar og velferdsteknologi, systemansvarleg for Geric

#### **Interkommunale ansvar og samarbeidsområde der Ål er vertskommune:**

- ✓ Hallinghelse–her ligg felles kommunepsykolog, felles kommuneoverlege/samhandlingsleiar, logoped, klinisk ernæringsfysiolog, Trygg oppvekst/BTI, mobilt ferdigheitsteam, koordinator for autismeteam, folkehelsekoordinator, koordinator læring- og meistring, fagleg koordinator, felles koordinator velferdsteknologi, Fag- og gjennomføringskoordinator for Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester
- ✓ Fagkoordinator IKT
- ✓ Intermediær- og ø-hjelpeplassar ved Hallingdal sjukestove
- ✓ PPT for øvre Hallingdal

#### **Samarbeidsområde som ligg i budsjettet:**

- ✓ NAV
- ✓ Krisesenteret
- ✓ Barnevernsvakta
- ✓ Beredskap følgjeteneste gravide/fødande
- ✓ Miljøretta helsevern
- ✓ Felleskjøkkenet for Hol og Ål
- ✓ Felles legevaktsentral
- ✓ IMA


#### **KVA PÅVERKAR TENESTENE?**

Nasjonale føringar, demografisk utvikling, forventningar i samfunnet til tenester, og dessutan globale og lokale endringar, som til dømes pandemi, påverkar aktivitet, tenestebehov og



tenesteinnhald. For å møte framtidens behov må kommunen arbeide systematisk med tenesteutvikling, innovasjon og teknologiske løysingar, og dessutan ha kvalifisert arbeidskraft. God informasjon, samhandling, kartlegging og gode pasientutvikling er avgjerande for tenestetildelinga. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar kan og påverke tenestene til innbyggjarane. I tillegg vil mellom anna FN's berekraftsmål og barnekonvensjonen ha betydning.


## Befolkningsutvikling fram mot 2040



Kjelde: [KS-Fram mot 2040](#)

Ål hadde 129 registrerte personar med ei demensdiagnose pr. 2020. Dette utgjer 2,76 % av befolkninga i Ål. Gjennomsnittet i Noreg var 1,88 %. Med aukande andel eldre i befolkninga vil behovet for tenester til denne brukargruppa auke. Det er også fleire yngre personar med ei demensdiagnose som i dag har behov for tenester.

### Brukarar og funksjonsnivå i Ål:



Antall tjenestemottakere. 2021, 2030 og 2040. Ål



Tabellen syner nærast ei dobling av talet på tenestemottakarar i gruppa over 80 år fram mot 2040. Det er ingen tid å miste – arbeidet med å rigge helse- og omsorgstenestene for å stå rusta til å møte morgondagens utfordringar både når det gjeld bustader, sjukeheims plassar, bruk av velferdsteknologi og tiltak for å behalde og rekruttere tilsette er i gang.

#### STATLEGE STYRINGSSIGNAL:

##### Overordna statlege styringssignal:

- ✓ å dreie tenestene mot førebygging, tidleg innsats og lågterskeltilbod. Førebyggje meir og behandle mindre skal betre livskvalitet, redusere og utsette behov for tenester.
- ✓ å tenkje innovasjon og velferdsteknologi
- ✓ å samhandling på tvers av sektorar
- ✓ å ha ein pårørandestrategi og strategi for samarbeid med frivillige

##### Statlege styringssignal som kan få økonomiske og ressursmessige konsekvensar:

- ✓ Ei berekraftig fastlegeordning – regjeringa lyfta fastlegeordninga gjennom økonomiske verkemiddel til kommunane
- ✓ Helseberedskap–utarbeiding av plan for beredskap–beredskapslager for 6 månader
- ✓ Digitalisering og e-helse, bruk av velferdsteknologiske løysingar  
Digitale løysingar skal støtte opp under ei heilskapleg samhandling mellom helsepersonell, og styrke innbygarane sine moglegheiter til å ta aktiv del i eigne behandlingsopplegg og styre eige liv
- ✓ Styrking og utvikling av nye tiltak til psykisk helse og rusfeltet og til helsestasjons- og skulehelsetenesta, og dessutan styrke døgnbehandlinga i spesialisthelsetenesta.
- ✓ Endring i rettighetsfesting av Brukarstyrt personleg assistentordning
- ✓ Velferds- og oppvekstreformene



- ✓ Jamne ut sosial ulikskap i helse og levekår. Like gode tilbod om tenester i distriktet som i byane
- ✓ Oppvekstreforma–kommunen får auka finansieringsansvar for barnevernstiltak, utarbeiding av handlingsplan. Dette kan gje store økonomiske utfordringar.

I tillegg ber regjeringa særskilt om at det blir sett i gang arbeid og utarbeida **handlingsplanar** innan:

- ✓ Leve heile livet – reforma–innarbeida i Helse og omsorgsplan
- ✓ Bu trygt heime–ny reform frå 2023
- ✓ Opptrappingsplan psykisk helse
- ✓ Oppvekst – og velferdsreformene
  - Handlingsplan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsutfordring (oppvekstreform)
- ✓ Digitaliseringsplan
- ✓ Demensplan

***Kommunale planar som skal reviderast:***

- ✓ Helse–og omsorgsplan–under arbeid
- ✓ Helsemessig- og sosial beredskapsplan, smittevernplan–under arbeid
- ✓ Plan for legetenester–under arbeid
- ✓ Plan for habilitering

**Statlege styringssignal som bør løysast innanfor ramma og eller der ein kan søke tilskot:**

- ✓ Utdanne fleire, rekruttere og behalde fagfolk. Nye utdanningsplassar og studietilbod for å styrke helsetenestene i møte med nye utfordringar
- ✓ Nasjonal helse og samhandlingsplan. Mål: heilskapelege og sømlause *pasientutvikling* for den einskilde pasient og pårørande, kombinert med tillit til helsefagleg personell.
- ✓ Opptrappingsplan for psykisk helse
- ✓ Samhandling mellom sjukehus og kommunane, og sjå på moglege andre måtar å finansiere dette på.

**KOMMUNALE FØRINGAR GITT I 2023 SOM MEDFØRER AKTIVITET OG SOM MÅ VURDERAST I DEN KOMANDE ØKONOMIPLAN-PERIODEN:**

1. Sektoren vart styrka med 100 % stilling aktivitør – starta opp hausten 2023–k-sak budsjett desember 2022
2. 80 % stilling til styrking av legetenesta,- inkluderer assisterande avdelingsleiar – starta opp hausten 2023–k-sak budsjett desember 2022
3. Reisestøtte til personar med varig nedsett funksjonsevne som treng følgje kr 100.000 frå disposisjonsfondet. Må innarbeidast i budsjett 2024. k-sak budsjett desember 2022
4. Omsorgsstønad vart styrka med kr 600.000
5. Busetting av flyktingar–behov for helsetenester og økonomisk stønad
6. Økonomisk sosialstønad aukar grunna stor busetting av flyktingar. I tillegg ser –med dagens utvikling kan det vere behov for vidareføring.
7. I september–21 var det gjort politisk vedtak om etablering av Familiens hus lagt til sektor for helse- og omsorg. Helsestasjonstenesta og PPT kom inn i Familiens hus. Det same gjorde psykisk helse til born og unge. Vedtaket førte også til ei omorganisering internt gjennom etablering av avdeling Meistring, og der psykisk helse til vaksne kom inn.



- Det er ikkje landa ei lokalisering som samlar alle i Familiens hus, eller avdeling Meistring.
  - Hol kommune går ut av samarbeidsavtala om felles PPT 31.12.2024. Ål PPT blir vidareført med personalressursar som i dag,- men tiltak skal evaluerast jamleg.
  - Saksutgreiinga konkluderte med styrking av miljøterapeut i avdeling Meistring. Dette har så langt vorte løyst med tilskotsmidlar. Miljøterapeut og erfaringskonsulent er stillingar som bør innarbeidast permanent jf. opptrappingsplan psykisk helse og rus.
  - BTI-trygg oppvekst, Oppvekstreform, handlingsplan for førebygging og etablering av barnekoordinator vil vere viktige område å jobbe vidare med.
8. Tenesta til avlastning vart styrka i 2022 med kr 1 mill. Behov for avlastande tiltak og pårørandestøtte for omsorgspersonar til born og unge er framleis aukande
  9. Talet på eldre vil doble seg i Ål innan 2040. For å vere rusta til å møte denne endringa må det planleggjast for utbygging av sjukeheimplassar, omsorgsbustader, behandlingssenseng og treningssal.

**KVA DRØYMER VI OM:** (Frå kommuneplanen sin samfunnsdel):


Eit god liv heile livet, god kvalitet og rett teneste til rett tid.

Ål skal vere helsekommune i Hallingdal. Helse og omsorgstenestene skal fremje god helse og uavhengig av alder og bustad gje tilstrekkeleg hjelp til at brukarane kjenner seg trygg og betre kan meistre livet sitt.

**HELSE – OG OMSORGSSEKTORENS BIDRAG FOR Å GJERE TENESTENE MEIR EFFEKTIVE**

Samhandling, tidleg innsats og førebyggjande tenester vil både gje betre livskvalitet og gje meir for pengane enn å nytte dei til å behandle.

1. Vi må ha nok kvalifisert personell med rett kompetanse for å gje rett nivå på tenesteutøvinga. Ål kommune skal vere i fremste rekke for å vektleggje forskning og utviklingsarbeid i distriktet jf. kommuneplanen. I planperioden ynskjer vi å ha fokus på fylgjande tiltak som til dømes:
  - ✓ Ål skal vere ei attraktiv kommune å bu og jobbe i
  - ✓ ulike læringsløp for helsefagarbeidarar
  - ✓ desentralisert utdanningar som td sjuke- og vernepleiarutdanning
  - ✓ vidareutdanningar
  - ✓ forbetnings- og utviklingsarbeid både lokalt, regionalt og nasjonalt
2. Framskrivingar syner at Ål i nær framtid vil få fleire eldre enn yrkesaktive innbyggjarar. Kommunen må leggje til rette for eit universelt forma ut lokalsamfunn, ha fokus på at eldre er ein samfunnsressurs, og leggje til rette for aktivitet og sosiale møteplassar, og dessutan førebyggjande helsetenester.



3. Ein kan betre livskvalitet og redusere/utsette behov for helsetenester gjennom:
  - ✓ kartlegging, informasjon, rettleiing og vedtak
  - ✓ bruk av velferdsteknologi/hjelpemiddel
  - ✓ auka fokus på kvardagsmeistring/rehabilitering
  - ✓ lågterskel aktivitetstilbod
4. Ål har i dag fleire born og unge med nedsett funksjonsevne og med sosiale og psykiske utfordringar. Tett samhandling mellom oppvekst, Familiens hus, barnevern, NAV og spesialisthelsetenesta vil betre oppvekstvilkår, og redusere ressursbruk på kort og lang sikt.
5. Vi må fortsette å utvikle samarbeidsområde på tvers til førebyggjande tenester psykisk helse barn og unge, til dømes Trygg oppvekst/BTI og IPS (Individuell jobbstøtte), FACT-ung og dialogbasert inntak med Vestre Viken. Familiens hus vil bidra meir inn i systemarbeid opp mot oppvekstsektoren, kompetanseheving, felles regionalt opplæringsprogram og møtearena.

Summert opp:

Forebygge meir – behandle mindre  
 Betre samhandling  
 God personalpolitikk – god tenesteyting  
 Rekruttere og behalde - Redusere bruk av vikarbyrå  
 Revidere tildelingskriteria- god kartlegging gir rett teneste til rett tid til rett person  
 Innovasjon, e-helse og velferdsteknologiske hjelpemiddel

### Pågåande prosjekt- og utviklingsarbeid i sektoren

Rekrutteringsprosjekt- Husvarm	KLINOBS (kliniskopservasjonskompetanse)
Flexisjukepleiarutdanning –1. kull hausten 2022 2. kull hausten 2023	VIPS (verdi, individ, perspektivet, støttande miljø)–Personsentrert omsorg)
Aktivitør	Erfaringskonsulent–og kommunalt rusarbeid
Velferdsteknologi, e-helse	Fleire prosjekt innan psykisk helse–styringsmidlar til å behalde tenester i rusomsorg i pandemi
Trygg oppvekst – BTI	Felles dialogmøte – BUP
Velferdsteknologisk knutepunkt -Ål deltek som pilot	IPS- Ung (NAV)
Ernæringsprosjekt–65 +, regionalt	Kommunehelsesamarbeid og helsefellesskap
Mobilt ferdigheitsteam, psykisk helse og juridisk kompetanse	MedSafe Old- trygg medikamentbruk til eldre–forskningsprosjekt i regi av Senter for omsorgsforskning
Innbyggjarappen – informasjonarbeid	Fagskule – observasjonskompetanse
Barn som pårørande	FACT- Ung
CRDP–jf. likestilling og diskrimineringslova	Eu-forprosjekt Hospital at home



### HELSE- OG OMSORGSSEKTORENS BIDRAG I HØVE TIL REKRUTTERING

Det er etablert desentralisert sjukepleiarutdanning, vidareutdanning, internopplæring og satsing på mobilt ferdigheitsteam. Sektoren tek i mot lærlingar, elevar og studentar. Me har tilsette som blir fagarbeidar på jobb. Sektoren tilbyr støtteordningar til utdanningar. Det må jobbast vidare med rekrutteringsprosjekt mentorordning og trainee`-stillingar, heiltidskultur og årsturnus, og dessutan langvakter og Nordsjøturnus.

Fastlegar kan velje om de vil gå for fastløn eller vere sjølvstendig næringsdrivande. Reviderte avtaler på legevakt. Det blir lagt til rette for spesialiseringløp og ALIS (sentralt krav om at kommunen tek ansvar for spesialistutdanningar)

### HELSE- OG OMSORGSSEKTORENS BIDRAG I HØVE TIL BU- OG BLILYST

Helse og omsorgssektoren har søkt prosjektmidlar i samarbeid med HR-avdelinga til rekruttering som er knytt opp til bu- og blilyst. Det er laga rekrutteringsfilm og tiltak for framtidig rekrutteringsarbeid; gjennom mentorordning og trainee`-stillingar. Sektoren har delteke i prosjekt Seniorressursen som førte til blant anna «innbyggjar-appen».

### HELSE- OG OMSORGSSEKTORENS BIDRAG I HØVE TIL INTEGRERING

Helse- og omsorgssektoren vil leggje til rette for å nytte relevant fagkompetanse til nye landsmenn gjennom språkpraksis, praksisplassar, nødvendig styrking av kompetanse for godkjenning av helsefagleg utdanning. Det blir og lagt til rette for språkopplæring knytt til fagspråk innan helse.

*Så kjære studenter, hvorfor ikke Ål? – Brev frå ein student*

Det som går igjen i alle praksisene i Ål kommune er at man er svært ønsket fra deres side. De ønsker så gjerne at studenter kommer, og dette gjør at man føler seg velkommen, ivaretatt, sett, respektert og ikke minst blir man prioritert i alle nye spennende tilfeller

### UTFORDRINGAR I 2024 OG I PLANPERIODEN

1. Behalde og rekruttere helsepersonell.
2. Det må jobbast systematisk med å redusere sjukefråværet og det psykososiale arbeidsmiljøet
3. Demografiske utfordringar
  - Ål får ei fordobling av talet på eldre fram mot 2040
  - statistikk syner at store ressursar går til få tenestemottakarar
4. Psykisk helse, utanforskap og einsemd i befolkninga er ein folkehelseutfordring som vere med på å gje auka behov for kommunale tenester
5. Det er nødvendig med ei vriding og endring i organisering av tenestene innan helse- og omsorg for å møte innbyggjarane sine tenestebehov, og tilby forsvarlege tenester innanfor det økonomiske handlingsrommet.




### Fakta:

- Sektoren har store utfordringar med å rekruttere helsepersonell inn i ledige fagstillingar. Fleire tilsette i høge stillingsprosentar går av med pensjon i nær framtid, og mange ledige deltids- og helgestillingar står ledig. Dette fører til utgifter kjøp av tenester for å behalde fagleg kvalitet på tenesta og bruk av vikarbyrå. Det må jobbast vidare med systematiske tiltak for å behalde og rekruttere fagpersonell. Dette gjeld også innan legetenestene. Fleire yngre legar ynskjer fastlønsavtale.
- Framskrivingar syner at Ål vil få fleire eldre innbyggjarar i høve til yrkesaktive innbyggjarar.
- Stigande tal på innbyggjarar med ei demensdiagnose,- fleire av desse er yngre personar. Denne gruppa treng andre tenestetilbod enn eldre i tilsvarande situasjon.
- Flyktningar til akuttmottak og for busetjing vil framleis utfordre helsetenestene og NAV sine ressursar i denne perioden.
- NAV signaliserer auka behov for tenester til økonomisk sosialhjelp og gjeldsrådgjeving. Dette skyldas auka tal på busetting av flyktningar, og auka pågang frå personar som slit med å få inntekta til å strekke til grunna auka utgifter til livsopphald, straum og gjeld.
- Behov for tenester frå psykisk helse til både barn, unge og vaksne er aukande.
- Betre samordning for barn, unge og vaksne som kan ha rett til tenester frå fleire aktørar.
- Utgiftene til ressurskrevjande tenester er høgare enn inntekter
- Auke i kostnader til drift grunna samfunnsutviklinga med 8–10 %
- Helse- og omsorgstenestene er i rask utvikling, og stadig fleire komplekse helsetenester blir flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunane utan at det fylgjer ressursar med.
- Sjukefråværet har auka dei siste åra- dette gjeld både korttids- og langtidsfråvær

### Mål:

- Me må førebyggje meir og behandle mindre. Velferdsteknologi, innovasjon, e-helse er satsingar for å møte morgondagens helse- og omsorgstenester. Det må jobbast enda betre med implementering, gevinstrealisering og arbeid på systemnivå.
- Kompetanseheving og kvalitetsarbeid er pågåande og nødvendig. Tenestene skal vere av fagleg god kvalitet, og me må vere attraktiv arbeidsgjevar.
- Ål kommune skal ha nok eigne fagpersonar og redusere behov for kjøp frå eksterne aktørar.
- Det er viktig å styrke dei pårørande som ein ressurs gjennom involvering, opplæring, rettleiing og støtte.
- Aktivitet- og arbeidsretta tilbod til personar med nedsett funksjonsevne eller som treng bistand med å kome seg inn i arbeidslivet.
- Vidare satsing på førebygging meistring, kvardagsrehabilitering, ernæring, og redusere einsemd vil vere med å heve livskvalitet og redusere / utsette behov for helse og omsorgstenester. Tett og godt samarbeid med frivilligsentral, lag og organisasjonar vil bidra til at fleire kan delta i aktivitetar, får hjelp til daglege gjeremål Liten ressurs i Frisklivssentralen. Dagens helseutfordringar krev auka helsefremmande og førebyggjande innsats. Frisklivssentralen kostar lite og kan hjelpe mange.
- Rekruttere brukarar til dagtilboda våre. Nytenking ift. lågterskeltenester, sjølvhjelpsgrupper, aktivitetar og framtidige dagtilbod for å auke rekruttering, og betre livskvaliteten for sårbare brukargrupper og deira pårørande





## STYRKING I DRIFTSBUDSJETT 2024

Tiltak	2024	2025	2026	2027
Ergoterapeut 100 % stilling				810`
Dagtilbod yngre brukarar med demens	400`			
PPT lisensar	159`			
PPT etablering lokalt	4 150`			
Familiens hus ombygging samlokalisering			500`	
50 % stilling Fact-ung			225`	
Fastlegeavtaler	4 100`			
Medisin og medisinske forbruksvarer		1 050`		
Matvarer generell kostnadsauke	200`			
Styrka grunnbemanning			1 600`	
Vikarbyrå	5 000`			
Støttekontakt		400`		
Auke interkommunal stilling kommunepsykolog – Ål sin del			400`	
Mobilt ferdighetssteam – Ål sin del	300` bruk av tilskotsmidlar			
Nav midlertidig interkommunal stilling	225`			
NAV auke i økonomisk sosialhjelp	800`			
Velferdsteknologisk knutepunkt	200`			
IMA	600`			
Barnevernsvakt og krisesenter	650`			
Reisestønad	100`			
Redusert inntekt kostnadskrevjande brukarar	4 000`			
Utskifting av naudsynt medisinsk utstyr legevakt	70`			

## Investeringar

	2024	2025	2026	2027
010 Renovere bad Stugu (16 rom a 250') - avhengig av drøfting med Tone	1 000	1 000	1 000	1000
096 Bilar helse/sosial	600	600	600	600
124 Renovering omsorgsbustader - Brattekammen 2 abcdef og 8-er (6 pr år)	5 000	5 000	0	0
130 Tilrettelegging bustad ein brukar	3 465	0	0	0
132 Prestegardsjordet- avd.miljøterapi (gult bygg) - rive og bygge nye omsorgsbustader	20 000			
145 Omsorgsbustader, sjukeheimplassar, fysioterapi (pri 3), basseng, sjukehotell	200	300	30 000	
165 Oppgradering kapellet (gåvemiddelkontoen?) og nytt kjølerom?	400			
183 Leksvol renovering av 2omsorgsleiligheter i uetg	400			
Sum	31 065	6 900	31 600	1 600



### **KVA LOVVERK STYRER TENESTENE VÅRE:**

Gjennom NOU-ar, stortingsmeldingar, faglege veiledarar og rapportar, lover og forskrifter gjev staten sine styringssignal til kommunane.

[Lov om kommunale helse og omsorgstenester m.m.](#)

[Lov om pasient- og brukerrettigheter](#)

[Psykisk helsevernloven](#)

[Folketrygdloven](#)

[Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga \(sosialtjenesteloven\) – Lovdata](#)

[Helseberedskapsloven](#)

[Smittevernloven](#)

[Lov om folkehelsearbeid](#)

[Helsepersonelloven](#)

[Pasientjournalloven](#)

[Likestilling og diskrimineringsloven](#)

[Forvaltningsloven](#)

[Opplæringslova \(PPT\)](#)

[Barnehageloven \(PPT\)](#)

### **Sentrale forskrifter**

[Forskrift om legemiddelhandtering](#)

[Forskrift om leiging og kvalitetsforbetring](#)

[Akuttmedisinforskrifta](#)

[Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator](#)

[Forskrift om kommunens helseframande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten](#)



## Kultursektor

### Situasjonen i sektoren

Kultursektoren i Ål legg bak seg eit innhaldsrikt år, med eit idrett- og kultur- og frilligheitsliv som får til utruleg flotte og varierte opplevingar. Saman med eit sterkt og godt lokalsamfunn gjer me Ål til ein god plass å vere, bu, og etablere seg i.

Ål er, og skal halde fram med å vere, ein kulturkommune i særklasse.

Eit raskt overblikk stadfestar nærare både stoda og utfordringar.

Ål kulturhus har ein svært høg aktivitet på huset, med ei stor breidd i tenestene dei leverer til heile Ål. Det er gode ordningar slik at huset kan nyttast av lag, organisasjonar, prosjekt, kommunen og skular. I det heile tatt er det eit yrande liv på huset midt på Sundre.

Kulturhuset har gode besøkstal, og ligg høgt over det nasjonale snittet på antal publikumarar.

Kinoen er heilt på topp nasjonalt kva gjeldt tilbod og besøk.

Ål bibliotek har utvida staben med ei ny stilling, og kan i 2023 vise til ei flott gratis arrangementsrekke, forfattarbesøk og godt samarbeid med Bu- og blilyst prosjektet. Dei har studie- og arbeidsplassar, og har etablert seg som ein plass for alle – det vere ungdom, eldre, studentar, hytte-Ålinger, og potensielt nye Ålinger.

Det er sjølvstøtt å løfte fram idretten, og i det høve har til dømes Ål Idrettslag tilsett ein ny sportsleg leiar i prosjektstilling. Med bakgrunn i dette går det føre seg eit spanande arbeid med all-idrett for born og unge i Ål kommune.

Vidare har det vore eit lærerikt for fint prosjektsamarbeid mellom Ål Cup, Introsenteret og konsulent for kultur- og idrett, i med målretta arbeid mot inkludering og mangfald, som er eit særleg viktig mål. Elles har det vore ei rekke gode og vellukka idrettsarrangement gjennom heile året.

Kultursektoren står framleis i ein situasjon der ein har hatt ei lang periode prega av usikkerheit og raske omstillingar, med eit samfunn som må finna attende til fritidstilbod, idrettsaktivitetar, kulturtilbod m.m. Det er både undersøkingar og ny forskning som fortel oss at mange barn og unge ikkje har kome like sterkt attende til dei fritidsaktivitetane dei var ein del av før pandemien. Dette i kombinasjon med auka kostnader i samfunnet generelt gjer at det er viktig med eit fokus på å halda deltakaravgift og kontingenter på eit lågt nivå.

Vidare skal fylkeskommunen omstruktureras, og vedta nye strategiar og satsingar. Det er viktig å leggje til rette for ein berekraftig sektor, som kan evna og famne heile samfunnet og bli endå betre og finna vegen vidare saman. Dette handlar både om struktur og økonomi.

Kva angår struktur, har det vore og er, eit kontinuerleg fokus på å bruka vore ressursar optimalt. Likevel er det også slik at det må vera samsvar mellom ambisjonsnivå og realisme, det vere seg bulyst, næringsetablering eller å ha eit triveleg lokalsamfunn. Med inflasjon og ei låg krone seier



det seg sjølve at og ein mjuk sektor som kultur treng styrking for å halde tritt med utviklinga generelt.

Melding frå publikum, oppslutning på arrangement, og respons frå løyvande myndigheiter gjev oss tru på at vår satsing på kultur er både riktig og strategisk klok. Dette bør haldast ved like.

### **Driftsbudsjett 2023**

#### **Føreslåtte tiltak:**

##### **Styrke strategisk arbeid Kulturhus**

Kulturhuset ynskjer i samarbeid med administrasjon og relevante aktørar å sette i gong prosess med eit strategidokument for Ål Kulturhus som kan bidra med eit langsiktig perspektiv på kva ein ynskjer at kulturhuset i Ål skal levera og dessutan vere for kommunen. Dette arbeidet vil råke fleire sektorar og handlar om både dei som er ein del av kulturhuset, og Ål sitt lokale samfunn.

##### **Studieopphald frå NMH**

Starta samarbeid med Noregs musikkhøgskole vil halde fram i 2024, og er eit spanande samarbeid med mykje potensial.

##### **Sprang: Kurs i praktisk bruk av folkedans og folkemusikk for pedagogisk personell i Ål kommune.**

Sprang ynskjer å halde fram samarbeidet med Ole Bull Akademiet om kurs i praktisk bruk av folkedans og folkemusikk i undervisning for pedagogisk personell i Ål kommune. Førebels er det elevar og tilsette frå Nedre-Ål og Torpo skule som har delteke på desse kursa. Det er eit ynskje å utvide tilbodet til alle skular og barnehagar i kommunen, og etter kvart også til heile Hallingdal. Ein ser dette arbeidet som nært knytt til det eksisterande og framtidige arbeidet til arbeidsutval for tradisjonskultur, der ein ynskjer å legge til rette for varige og langsiktige tiltak i oppvekstsektoren som sikrar at alle som veks opp i Ål (og Hallingdal) kjenner til lokal historie og kultur. Dette vil vera avgjerande i danninga av rotfaste og flygedyktige born og unge som kjenner på lokal identitet og tilhøyre.

##### **Publikumsutvikling Ål kulturhus, Sprang, og Ål bibliotek**

Viken fylkeskommune har interesse av at institusjonane i fylket arbeider strategisk og kunnskapsbasert med publikumsutvikling, og stiller dette som krav til mottakarar av ulike tilskot og støtteordningar. Dei har difor gjeve Ål kulturhus og Sprang tilbod om å delta i det nasjonale analyse-samarbeidet organisert av Norsk publikumsutvikling gjennom NPU Monitor. Ål bibliotek er også med i prosjektet som sjølvstendig deltakar.

NPU Monitor er eit analyseverktøy med 16 befolkningsundersøkingar og nesten 100 publikumsundersøkingar som medlemmene kan boltre seg i for å få innsikt i kva grupper som nyttar seg av ulike kulturtilbod og ulike kulturaktørar. NPU Monitor vart lansert 30. november 2022, og er den mest oppdaterte kjelda til kunnskap om kven som nyttar seg av den offentleg finansierte kunsten og kulturen i Noreg, og den einaste kjelda til samla kunnskap om kva publikumsgrupper som er representerte ved dei ulike institusjonane.





Prosjektperioden starta vår/sumar 2023 og varar til sumaren 2024, og me har nett starta arbeidet med å samle inn data frå våre brukarar gjennom NPU sitt spørjeskjema. Me forsøker å nå vårt publikum både gjennom oppslag med QR-kode på kulturhuset, og ved å sende ut lenke til publikum som har kjøpt billetter til ulike arrangement.


I tillegg til datainnsamling deltek me på nettverksmøte kvart halvår i regi av VFK og NPU, der me deler erfaringar knytt til innsamling og datahandsaming. Me har førebels ikkje nok datagrunnlag til å sjå dei innsamla resultata, desse blir fyrst synlege når me har passert 30 svar (av personvernomsyn). Dersom me ynskjer å halde fram etter prosjektperioden må me sjølv dekke medlemsavgifta til NPU.

I prioritert rekkefølge:

### 1. Driftsmidlar (løn) Ål kulturhus Teknisk stilling 60 %

Det har vore eit auka aktivitetsnivå på Ål kulturhus dei siste åra, og fungerer som arbeidsplass for fleire sektorar m.a. Intro-senteret. Huset nyttast flittig av lag og organisasjonar, er vertskap for møteverksemd, og har høge besøkstal.





	2019	2020	2021	2022	2023
Brukarar	6	69	82	65	78

	2019	2020	2021	2022	2023
Selde billetter	4176	2641	6356	8327	7824

Som ein konsekvens av høg bruk ser ein at behov for teknisk vedlikehald og bistand aukar. I tråd med Ål kommune sine ynskjer, og politisk fatta vedtak, har kulturhuset særst gunstige vilkår for lån og leige av huset. Auka aktivitet med det behovet dette utløyser må difor i stor grad dekkast av kulturhuset sjølv. Om ein skal halde fram med denne ordninga vurderast det hensiktsmessig å auke teknisk stab på Ål kulturhus med 60 % for å sikre forsvarleg drift.

Est. Kostnad: 495.000,-

## **2. 60 % prosjektstilling til forprosjekt: styrking av tradisjonskultur i Hallingdal**

Tiltaket har mandat i budsjettplan for Ål kommune 2023:

*Prosjektgruppe med mål om å skissere løysningar for å styrke folkemusikken og tradisjonsdansen i kommunen.*

*Utvalet bør sjå på både lokale og regionale løysingar og dessutan både intern og ekstern finansiering. Utvalet bør greie ut moglegheiter til å få til stilling(ar) som distrikstmusiker knytt til tradisjonsdans/-musikk.*

Eit samansatt utval frå oppvekst og kultursektor, og faglege ressursar har jobba med å svare ut dette oppdraget. Det har vore nytta ulike arbeidsformer, og ein har innhenta kvalitativt og kvantitativt analysegrunnlag. Utvalet har dialog med eksterne aktørar innan det



folkemusikkfaglige utdanningsfeltet, og andre regionar som har jobba med liknande utfordringar.

Utvalet har konkludert med å sende eit forslag til politisk handsaming der ein ber om at Ål kommune løyver middel til ei 60 % prosjektstilling med varigheit på 18 månader. Tidsramma på forprosjektet er basert på dialog med seksjon for Kulturutvikling i Viken Fylkeskommune. Prosjektstillinga vil jobbe vidare saman med utvalet, og ei styringsgruppe, for å jobbe vidare med målsetting om ein berekraftig regional modell som legg til rette for ei varig styrking av tradisjonsmusikk og dans i region Hallingdal. Det er ynskjeleg at stillinga munnar ut i eit interkommunalt samarbeid med ei eller fleire permanente eller temporære stillingar som kan utføra dette oppdraget på best mogleg vis. Utvalet meiner at viktige føresetnader for å nå eit slikt mål er brei forankring og tverrsektorielt samarbeid. Eit slikt oppdrag vil krevje god og brei forankring hjå fleire samarbeidspartnarar, og om ein skal lukkast med dette krev det tilstrekkeleg med ressursar inn i ei oppstartsfasen. Ål kommune møteser eit samarbeid med Viken og nye Buskerud fylkeskommune.

Est.kostnad: 500.000,-



### **Digitale lisensar Ål bibliotek**

Ål bibliotek ynsker å ha eit godt og relevant tilbod for noverande og komande brukarar. I samarbeid med Frivilligheitsentralen har biblioteket hatt ei kursrekke med særleg fokus på digital kompetanse for dei godt vaksne, i tillegg til prosjektet «Digital bygdis».

Det er ei stadig auke i behov for digitale bøker, tidsskrift, lydbøker, digitale databasar m.m.



Då dette er eit relativt nytt behov, har biblioteket i liten grad middel til å gjera innkjøp av digitale løysingar, og samstundes behalde noverande nivå på den fysiske boksamlinga.

Kostnad: 150.000,-

Tiltak lagt inn i ramma for 2023	Kostnad	Inntekt/refusjon	Note
Teknisk stilling Ål kulturhus	495.000	150.000	
Prosjektstilling til forprosjekt – tradisjonskultur	500.000		
Digitale lisensar Ål bibliotek	150.000		
<b>Prioriterte tiltak frå sektorutvalet til budsjetthandsaming</b>			
Auka stønad frivillige lag og foreiningar	125.000		

### Driftstiltak me ikkje har funne rom til:

#### Auka stønad frivillige lag og foreiningar

Det er eit høgt og godt aktivitetsnivå på frivillige lag og foreiningar på Ål, og det kjem stadig nye satsingar.

Det er behov for ei oppjustering som tek høgde for konsumprisindeks, slik at ein kan fortsette å gje gode rammer og forutseieligheit til lag og foreiningar.

Kostnad: 125.000,-

## Investeringar i 2024

	2024	2025	2026	2027
Ål kulturhus utbygging (gjera ferdig brannavvik, kostnad manglar)	500	0	0	0
Nye stolar Storesalen Ål kulturhus	1875	0	0	0
Golv og sidemask Storesalen	200	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>2575</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 1. Forskottering av spelemidlar 2024

Ål kommune har teke imot søknader om nye ordinære anlegg som krev kommunal del av spelemidlar for 2023 og som søker om forskottering av midlar i 2024. Det er i skrivande stund ikkje vedteke endeleg prioritering, då dette skal samhandlast i oktober/november. Ei førebels oversikt:

Strandafjorden rundt, Kleivi-Eventyrvegen: kr 500 000

Etablering av terrengsykkelsti Bakketun, Ål Stibyggjarlag: kr 525 000

Garasje/lagerbygg Bakketun: kr 500 000

Rehabilitering ballbinge Torpo Skule: kr 295 000

### 2. Skifting av golv i Storesalen, Ål Kulturhus

Det skal gjerast ei utskifting av seta i Storesalen i Ål Kulturhus, som er frå byggeåret (1992). Ein ser at det er naudsynt å skifta ut gammalt og slite golvbelegg, og dette bør gjerast samstundes med stolbytte.





### 3. Skifte sceneteppe i Ål Kulturhus

Det er naudsynt å skifte sceneteppe i storesalen i kulturhuset. Sceneteppet har ein brannsikrande effekt, med ei avgrensa levetid. For å behalde krav til bannsikkerheit må ein investere i nytt teppe.

Estimert kostnad: kr 50 000

### Ynskjer frå den andre kultursektoren me ikkje har funne rom til

#### Leveld Kunstnartun

Leveld Kunstnartun har søkt om å få auka årleg fast driftstilskot med kr 140 000. Dei har pr.. 2023 kr 100 000 i årleg tilskot.

Kostnad økt årleg støtte: kr 123 000

## Drift og utvikling

### Utfordringar

Den største utfordringa framover er å sikre auke i folketalet. Prosjektet bu- og bilyst er difor prioritert vidare saman med ei vidareføring av tilskotsordninga til 1. gongs kjøp av bustad. I framlegg til ny arealdel av kommuneplanen er det lagt inn fleire nye område for spreidd bustadbygging. Ål kommune har ledige byggeklare bustadtomter i grendene (både Leveld, Votndalen og Torpo), men ingen att sentrumsnært. Private utbyggjarar har godkjente byggeklare tomter og planlegg fleire nye bustadprosjekt (Tolleivhago, Embrikshaugen, Bakketeigen og Gullhagen) og private er i gang med bygging av nye sentrumsnære bueiningar (Hago burettslag, burettslag i Haugen bustadfelt, mikrohus i Kuluvegen og leilighetsbygg i Ål sentrumspark). Ål kommune har sjølv bygd 12 nye utleigeeiningar og har kjøpt 3 utleigeeiningar i Hago burettslag. Alle desse er innflyttingsklare tidleg i 2024. God tilgang på utleigebustader er viktig for å kunne rekruttere arbeidskraft då leigemarknaden på Ål er sær avgrensa.


Det er utfordrande å ta vare på og halde ved like kommunale bruer og vegar. Det er ikkje funne plass til midlar til asfaltering/vegvedlikehald eller bygging av nye gangvegar i 2024. Vi prioriterer derimot innkjøp av ny lastebil og ein minigravar til avdeling veg og park i 2024.

Maskinparken til avdeling reinhald treng fornying då mange av maskinene deira er utrangerte.

Det er sett av midlar til å kartlegge naturfare (flaum og skred) og planlegge tiltak for å unngå skade på bustader og vegar for å unngå liknande skader som under 'Hans'. Det blir samstundes søkt om tilskot frå NVE til dette arbeidet.

Det er eit stort etterslep på bygningsvedlikehald. Til neste år er renovering av bad på avdeling Stugu, omsorgsbustader i Brattebakken, 2 omsorgsbustader på Leksvol og 6 utleigebustader (Stavin 12) prioritert. Nybygging av omsorgsbustader til avdeling miljøterapi er planlagt i 2024, medan det er sett av ressursar til planlegging av nye omsorgsbustader/sjukeheimplassar/basseng i 2024 og 2025 med byggestart i 2026 (sjå investeringar helse). Det er og funne plass til å halde fram med å satse på ENØK-tiltak i eige bygningsmasse dei neste åra. Det blir og søkt Husbanken om tilskot til å bygge nye omsorgsbustader og til ENØK-tiltak.

Det er ønskeleg å omprioritere lønsmidlar i utviklingsavdelinga etter naturleg avgang. Det er valt å styrke folkehelsearbeidet og styrke økonomiavdelinga slik at vi kan ha meir enn ein person som har ansvar for eigedomsskatt og betre kunne følgje opp purringar.



Pr no og det siste året har det vore mange fritidseigedomar til sals i Ål. Kommunestyret valde å utsette den delen av rullering av arealdelen av kommuneplanen som gjeld hytter. Planstrategien, som seier kva planarbeid kommunestyret ber administrasjonen om å prioritere dei neste 4 åra, skal vedtakast av det nye kommunestyret i 2024. Det er grunn til å drøfte om arbeid med rullering av kommunedelplanen for Sundre bør koma før delen om fritidsbustader då etterspurnaden etter bustad og bustadtomter sentrumsnært er større enn etterspurnaden etter fritidstomter. Det er ønskeleg å kartlegge naturverdiar (beite, vilt, biologisk mangfald, naturtype mm) betre før fritidsdelen av arealplanen vert rullert. Rådmannen har ikkje funne plass til midlar til slik kartlegging før i 2025

#### Nye driftstiltak i 2024:

1. Utstyr til oppmåling–gamalt utstyr som må oppgraderast – eingongssum i 2024 kr 180 000, finansiert ved gebyr kart og oppmålingstenester
2. Vidareføre ordninga med tilskot til 1. gongs kjøp av bustad 10 mill. kr finansiert frå disposisjonsfond–eingongssum i 2024
3. Auke folkehelsekoordinator stillinga frå 60 % til 100 % for å kunne satse enda sterkare på førebyggjande helse og frisklivsarbeid – kr 270 000 årleg finansiert ved omprioritering /innsparing av 50 % stilling som blir pensjonist i feb24
4. Andel av auka stilling i økonomiavdelinga som kan hjelpe til med eigedomsskattesaker og purring husleige mv. – kr 110 000- 180 000 årleg finansiert ved omprioritering /innsparing av 50 % stilling som blir pensjonist i feb24

#### Nye driftstiltak i 2025:

1. Naturkartlegging (biologisk mangfald, viltkart, naturverdiar, beiteverdi) kr 1 mill. -eingongssum i 2025

#### Investeringar det er funne plass til, alle summar i heile 1000 kr (eks mva.)

nr	tekst	2024	2025	2026	2027
009	Fullrenovering fasade Tingstugu	1 000*			
012	Utleigebustad Stavin 12 nytt tak	600			
013	Næringstomter Torpo næringspark	6 000*			
026	WIFI Ål kommune	300			
031	Gangbru over rv 7 Vangen-Granhagen		8 000		
032	Branntrygging	1 300**	1 000	1 000	1 000
036	Minibus utleigebustader	1 600*			
080	Turstig Breie – Kleivi	4 000			
103	Ål kulturhus utbygging	500			
112	Sambindinggangveg Stasjonsvegen-Sundrejordet-Kulturhustorget	1 500			
122	Naturfarekartlegging og tiltak etter 'Hans'	2 000			
123	Reinhaldsmaskiner	500	300	300	300
125	Utskifting maskiner veg og park	3 000			
133	Sentrumsutvikling	700*	500		
151	Nye stolar storesalen Ål kulturhus	1 900			
155	Utleigebustad Stavin 12 renovering	1 800			
156	Utleigebustader Stavin 7,9,11 og 12 drenering rundt bygga og nye vass- og avløpsleidningar	800	800		
162	Golv og sidemask i storesalen Ål kulturhus	200			
169	Bil til malar med stillashengar	270			



174	Grunnkjøp / sal av grunn – kjøp av eiendom / sal av eiendom	6 000	1 000	1 000	1 000
197	ENØK – egne bygg	5 000*	5 000	5 000	
ny	Bil til snikkar		200		

\*) Unyttede midlar frå 2023-budsjett \*\*) Delvis unyttede midlar i 2023-budsjett

#### Investeringsynske det ikkje er funne plass til:

nr.	tekst	2024	2025	2026	2027
016	Bustadmarknadstiltak–samarbeid med utbyggjarar	20 000	20 000	20 000	20 000
030	Planfri kryssing Oppsjøtippen				7 500
066	Trafikktryggleik	3 400			2 000
075	Siregne bustadfelt	1 000	4 000		
126	Gateljos	100			
146	Ål helsehuset – nytt låsesystem	300			
147	Helsehuset – utvendig solskjerming	240			
171	Asfaltering/vegvedlikehald	2 800	2 800	2 800	2 800
ny	Ny avkøyring Ylivegen-rv.. 7		500		
ny	Gangveg i kulvert til Gullhagen industrifelt		300		
ny	ØvreÅlsvegen 39 (nytt tak og ny kledning)		1 000		
ny	Øvre Hago 7a og b platting og veranda	200			
ny	Tingstugu toalettanlegg, renovering				700
ny	Låsesystem utleigebustader			200	

#### Investeringar det er funne plass til – Sjølvkosttenestene (VAR) summar i heile 1000kr (eks mva.)

nr..	tekst	24	25	26	27
050	Overvaking Rødungen RA, Bergsjøstølen PS, Slakteplassen PS		750		
092	Renovasjonspunkt – returpunkt	1 000			
172	Rehabilitering vatn/kloakk	5 000	5 000	5 000	5000

